

St.meld. nr. 31

(2004–2005)

Om samarbeidet i NATO i 2004





DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 31

(2004–2005)

Om samarbeidet i NATO i 2004

Innhold

1	Samandrag	5	Vedlegg	
2	Transatlantiske band	8	1	Fråsegn gjeve av stats- og regjeringssjefane frå det uformelle toppmøtet i Det nordatlantiske rådet, Brussel 22. februar 2005
2.1	USA og Europa	8		
2.2	Samarbeidet mellom NATO og EU. Tryggings- og forsvarspolitikken i EU. ..	9	2	Sluttkommuniké frå utanriksministtermøtet i Det nordatlantiske rådet i Brussel 9. desember 2004
3	Internasjonale operasjonar	11		
3.1	Afghanistan	11	3	Fråsegn frå utanriksministtermøte i NATO-Russland-rådet i Brussel 9. desember 2004
3.2	Balkan	12		
3.2.1	Bosnia-Hercegovina	12	4	Sluttkommuniké frå toppmøtet i Istanbul framlagd av stats- og regjeringssjefane 28. juni 2004
3.2.2	Kosovo	12		
3.3	Irak	13	5	Erklæring om Irak framlagd av stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i Istanbul 28. juni 2004
3.4	Patruljeringsoperasjonen i Middelhavet	13	6	Istanbul-erklæringa «Tryggleiken vår i ein ny epoke» framlagd av stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i Istanbul 28. juni 2004
3.5	Luftkontroll og -patruljering i Baltikum .	14	7	Erklæring om terrorisme framlagd på utanriksministtermøtet i Det nordatlantiske rådet i Brussel 2. april 2004
4	Partnarsamarbeidet	15		
4.1	Russland	15		
4.2	Ukraina	16		
4.3	Det breiare partnarskapssamarbeidet (EAPC)	16		
4.4	Middelhavslanda og Midtausten-regionen	17		
5	Militær omforming av alliansen	19		
5.1	Kommandostrukturen i NATO	19		
5.2	Kapasitetsutvikling	19		
5.3	Andre politiske initiativ	19		
6	Vurderingar og framtidsperspektiv ...	21		



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 31

(2004–2005)

Om samarbeidet i NATO i 2004

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 15. april 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

Den 29. mars 2004 vart alliansen utvida med Estland, Latvia, Litauen, Slovenia, Slovakia, Romania og Bulgaria. Forutan denne historiske hendinga var arbeidet i NATO i 2004 særleg prega av førebuingane til toppmøtet i Istanbul 28. og 29. juni og oppfølginga av dette. Toppmøtet førte fram til vedtak i ei rekkje spørsmål rundt omforminga av alliansen. Det førte òg til nye initiativ overfor ulike grupper partnarland og til eit initiativ om samarbeid med landa i den vidare Midtausten-regionen.

Semja om ei fellesfråsegn om Irak på grunnlag av FN's tryggingrådsresolusjon 1546 viste også at det på begge sider av Atlanterhavet herska vilje til å byggje bru over motsetningane som handteringa av Irak-konflikten hadde skapt.

Det felles verdigrunnlaget som NATO-samarbeidet har kvilt på i meir enn femti år, ligg framleis fast. Verdien av NATO som viktigaste tryggingsspolitiske forum for medlemslanda og som organ for dialog over Atlanterhavet vart stadfesta. Dette vart også tydeleg understreka på det uformelle NATO-toppmøtet 22. februar i år, der USA og Europa kvar for seg signaliserte ein klar vilje til å styrkje dialogen og samarbeidet innanfor NATO. På begge sider av Atlanterhavet ser ein det som viktig å styrkje samarbeidet og dialogen på transatlantisk plan for å kunne møte dei internasjonale tryggingsspolitiske hovudutfordringane i tilknytning til internasio-

nal terrorisme og spreiding av masseøydleggingsvåpen.

Motsetningane som kom til syne under Irak-konflikten, kom også til å prege drøftingane i alliansen i 2004. Erfaringane i 2004 synte likevel ein sterkare vilje frå amerikansk side til å gjere bruk av alliansen enn det ein hadde opplevd dei føregåande åra.

Frå norsk side har ein heile tida lagt vekt på å støtte opp om NATO som det sentrale forumet for konsultasjonar og samarbeid i spørsmål som vedgår fellestryggleiken i alliansen. Det har vore eit norsk siktemål at dialogen innanfor alliansen skal kunne ut i felles konklusjonar og løysingar. Berre gjennom samla og koordinert internasjonal innsats kan vi effektivt løyse dei tryggingssutfordringane vi står overfor og mobilisere dei ressursane NATO og medlemslanda har til rådvelde.

Samarbeidet i NATO i 2004 var òg prega av ønsket om eit større europeisk ansvar for fellestryggleiken. Overføringa av fredsoperasjonen i Bosnia-Hercegovina frå NATO til EU i desember 2004 viser at samarbeidet mellom NATO og EU kan fungere godt.

Frå norsk side har vi likevel vore uroa over den manglande framgangen i arbeidet med å utforme eit breiare politisk og praktisk samarbeid mellom dei to organisasjonane. Vi ønskjer at det militære

samarbeidet mellom NATO og EU skal femne vidt, og at også samarbeidet utover reint militære spørsmål må utdypast. Dette vil begge organisasjonane vere tente med, men det vil særleg vere viktig for dei landa som berre er medlem av den eine. På den andre sida vil det ikkje vere heldig om EU-samarbeidet utviklar seg i ein slik grad at det går ut over den tryggingsspolitiske leiarrolla til NATO.

Det er brei semje i alliansen om at NATO må halde oppe styrkenivået sitt i Kosovo. Uroa i mars 2004 viste kor ustabil situasjonen framleis er. Det er grunn til å tru at det kan oppstå auka spenning fram mot og under gjennomgangen av standardimplementeringa sommaren 2005, og eventuelle statusdrøftingar etter dette. Noreg vil yte eit vesentleg bidrag til KFOR også i 2005.

Utbygginga av ISAF-styrken i Afghanistan har halde fram i 2004. Styrken har medverka vesentleg til auka stabilitet i landet, og spela ei viktig rolle i samband med det vellukka presidentvalet i oktober. Det norske bidraget til ISAF, både i Kabul og til PRT-laget i Meymaneh nord i landet, har vore viktig for den samla NATO-innsatsen. Afghanistan vil vere ein hovudprioritet for alliansen i lang tid framover.

Hovudutfordringane det næraste året vil vere å støtte opp under parlamentsvala og å utvide ISAF i den vestlege og sørlege delen av landet. ISAF-styrken vil truleg også komme til å spele ei større rolle i samband med opplæring av den afghanske hæren og i kampen mot narkotika, slik dei avtala allianseretningslinjene legg opp til. Frå norsk side tek vi sikte på å yte solide bidrag til ISAF også i tida framover.

Motsetningane som hadde gjort seg gjeldande mellom sentrale allierte i handteringa av Irak-spørsmålet, vart i Istanbul skuva i bakgrunnen til fordel for eit felles syn på opplæringa av irakiske tryggingssstyrkar. Denne allierte innsatsen er viktig som eit ledd i oppbygginga av eit stabilt og demokratisk Irak. Vedtaket frå Istanbul-toppmøtet om at NATO skulle hjelpe irakiske styresmakter med å lære opp irakiske tryggingssstyrkar, var noko alle allierte kunne samle seg om. Det uformelle toppmøtet 22. februar i år stadfesta at alle allierte no er delaktige i opplæringsinnsatsen.

USA synest i aukande grad å meine at framgang i den israelsk-palestinske konflikten også er avgjerande for stabilitet i heile Midtausten-regionen, Irak medrekna. Dette er ei vurdering vi frå norsk side har understreka gjennom heile 2004. Noreg vil sjå positivt på ei rolle for NATO i samband med denne konflikten dersom partane skulle ønskje det. Dette er ein diskusjon som vil komme til å stå sentralt i NATO i 2005.

Utvidinga av NATO med sju tidlegare partnerland våren 2004 forsterka behovet for tilpassing av partnersamarbeidet. Istanbul-toppmøtet vedtok å styrkje samarbeidet med alle grupper partnerland, men særleg med landa i Sentral-Asia og Kaukasus.

Frå norsk side har vi lagt særleg vekt på at auka merksemd om partnerane i aust ikkje må føre til svekt kontakt med vesteuropeiske partnerland, med Sverige og Finland i spissen, og heller ikkje med partnerlanda på Vest-Balkan. Særleg viktig i denne samanhengen er at dei næraste partnerane våre yter substansielle bidrag til NATO-aktivitetane, mellom anna operasjonane på Balkan og i Afghanistan. Samtidig er tre av landa på Vest-Balkan allereie inne i ein prosess i retning av medlemskap. Noreg har likeins lagt vekt på å føre Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina nærare partnerskap.

Kontakten med landa i Middelhavsdialogen er blitt utvida i året som er gått. Mellom anna vart det første utanriksministermøtet mellom NATO og dei sju landa halde i desember 2004. Istanbulinitiativet for styrka samarbeid med landa i den vidare Midtausten-regionen, som vart lansert på toppmøtet i Istanbul, har ført til at fleire Golf-statar har kontakta NATO med ønske om eit formalisert samarbeid. Dette initiativet kjem i tillegg til Middelhavsdialogen. Noreg ser positivt på desse samarbeidsordningane, men ser det samtidig som viktig at ein sikrar ein viss balanse i samarbeidet både når det gjeld samarbeidsland og samarbeidsområde. Hovudformålet må vere å medverke til reform og motarbeide internasjonal terrorisme.

Samarbeidet i NATO-Russland-rådet utvikla seg i positiv retning gjennom fjoråret, både når det gjeld praktisk militært samarbeid og politiske konsultasjonar. Ein har i aukande grad sett vanskelege politiske spørsmål på dagsorden. Samtidig har ein nærma seg eit meir praktisk, operasjonelt samarbeid, særleg i tilknytning til den maritime antiterroperasjonen NATO driv i Middelhavet. Noreg vil arbeide for å utvikle NRC-samarbeidet ytterlegare i tida som kjem.

Etter valet i Ukraina i desember 2004 og det positive toppmøtet mellom president Jusjtsjenko og stats- og regjeringssjefane i NATO 22. februar i år, er det skapt eit godt utgangspunkt for eit nærare samarbeid også mellom alliansen og Ukraina. Framgangen i dette samarbeidet vil vere avhengig av at dei nye makthavarane i Kiev gjennomfører reformer, mellom anna i tryggingss- og forsvarssektoren.

Noreg har i 2004 vore pådrivar for å styrkje alliansesamarbeidet med sivilberedskapen. Saman med Sverige og Finland har vi særleg fokusert på

tiltak for å verne sivilbefolkninga mot masseøydellingstruslar. Parallelt med dette har vi arbeidd for eit tettare samarbeid mellom NATO og EU om samordning av sivil krisehandtering. Dette arbeidet vil bli vidareført i inneverande år.

NATO har i 2004 gjennomgått store militære tilpassingar for å stå betre rusta mot dei nye trygging utfordringane. NATOs reaksjonsstyrke vart erklært førebels operativ i fjor haust, og vil vere fullt operativ i 2006. Parallelt med dette vart det arbeidd vidare med å skaffe fram meir allsidige styrkar. Noreg har lege langt framme i dette omstillingsarbeidet.

Saman med USA tok Noreg initiativ til å utforme ein politikk for NATO og partnerskapslanda på området menneskehandel. Initiativet går ut på å utarbeide retningslinjer og gjennomføre opplæring for å hindre at personell i NATO-leidde operasjonar gjer bruk av seksuelle tenester når offer for menneskehandel er involverte. Dette initiativet er komme svært langt, og er i dag i ferd med å bli ein integrert del av det operative regelverket i alliansen.

2 Transatlantiske band

2.1 USA og Europa

NATO-samarbeidet i 2004 var prega av store framsteg i omforminga av alliansen, men også av motsetningar mellom USA og sentrale europeiske allierte. Irak-spørsmålet var den viktigaste årsaka til desse motsetningane. I andre spørsmål, mellom anna aktuelle NATO-operasjonar og den vidare utviklinga av samarbeidet mellom NATO og EU, kom det også fram ulike syn.

USA var i ei rekkje tilfelle utolmodige når det gjaldt viljen hos visse europeiske land til å ta større militært ansvar for dei pågåande allierte operasjonane. Det herska ulike oppfatningar om innrettinga av det nye samarbeidsinitiativet for Midtausten-regionen (Istanbul Cooperation Initiative – ICI). Mange europeiske allierte fann seg dårleg til rette med amerikansk tenking og retorikk. Det råda ei kjensle av at ein ikkje forstod kvarandre og opinionen i dei ulike medlemslanda. Sjølv når ein kom fram til konsensus, viste det seg i mange tilfelle at denne ikkje stakk djupt nok til å utløyse vilje til å mobilisere tilstrekkelege ressursar.

I løpet av 2004 har det vakse fram eit ønske om å byggje bru mellom dei allierte og vise at det transatlantiske verdi- og interessefellesskapet står ved lag, og at eit integrert politisk og forsvarsmessig samarbeid framleis må stå sentralt i handteringa av dei felles tryggingspolitiske utfordringane. Såleis har vi i 2004 sett ein aukande vilje frå amerikansk side til å gjere bruk av NATO som hovudforum for konsultasjonar og som ramme for internasjonale operasjonar. Erfaringane frå Irak har nok særleg stått sentralt i denne kursendringa.

Toppmøtet i Istanbul i 2004 vart det naturlege høgdepunktet i denne forsoningsprosessen. Stats- og regjeringssjefane i alliansen blei einige om ein visjon for NATO i det 21. hundreåret, og avtala å tilby hjelp til opplæring av irakiske tryggingstyrkar, utvide rolla til alliansen i Afghanistan og å etablere eit kvalitativt nytt samarbeid med landa Middelhavsdialogen og i Midtausten-regionen. Det uformelle toppmøtet 22. februar i år understreka denne utviklinga.

Tryggleiken i Noreg vil framleis vere avhengig av eit godt transatlantisk samkvem og vedvarande

amerikansk engasjement i Europa. Bevaring av NATO som det førande tryggingspolitiske konsultasjonsforumet er ein føresetnad for at vi skal kunne påverke avgjerder som får følgjer for vår eigen tryggleik, og for å unngå at det dannar seg nye strukturar som vi ikkje deltek i og som kan verke konkurrerende og ikkje supplerande.

Noreg har difor arbeidd for ei styrking av den politiske dialogen innanfor NATO. Dette er viktig for at alliansen skal vere det sentrale forumet for transatlantisk dialog, varetaking av tryggleiken til dei allierte og handtering av nye tryggingspolitiske utfordringar. Noreg er òg positiv til at NATO, i tråd med oppmodinga frå generalsekretæren i FN, vurderer kva rolle alliansen kan spele i handteringa av naturkatastrofar.

Noreg har òg teke til orde for at vi bør sjå på korleis NATO kan medverke til fredsprosessen i Midtausten, i første omgang ved å hjelpe palestinske styresmakter med reformer i tryggingssektoren. Frå norsk side har vi samtidig understreka at auka oppgåver for NATO føreset politisk vilje i medlemslanda til å yte dei ressursane som trengst for å oppfylle ambisjonane i NATO. Tilnærminga vår speglar seg i eit viktig engasjement i alle pågåande allianseoperasjonar.

Mot denne bakgrunnen var det med glede ein såg at NATO-samarbeidet mot slutten av 2004 munna ut i eit felles håp om forsoning og betre samarbeidsklima. Det uformelle toppmøtet 22. februar 2005, der president Bush møtte NATO-kollegaene sine for første gong sidan han vart attvald, understreka dette. Toppmøtet signaliserte ein tydeleg vilje både i Europa og USA til å styrkje dialogen og samarbeidet innanfor NATO. På begge sider av Atlanterhavet ser ein på eit styrkt transatlantisk samarbeid som viktig for å kunne møte dei internasjonale tryggingspolitiske utfordringane.

Den største utvidinga av alliansen nokon gong fann stad 29. mars 2004, då heile sju nye land – Estland, Latvia, Litauen, Slovenia, Slovakia, Romania og Bulgaria – slutta seg til NATO. Somme var urolege for at ein auke i medlemstalet kunne komplisere avgjerdprosessen i alliansen, men dette har ikkje slått til. Alle dei nye medlemslanda har

vert imot vist stor vilje til å finne konsensusløsningar. Det gode samarbeidet Noreg har hatt med dei sju landa, og då særleg dei tre baltiske statane, er vidareført etter at dei vart fullverdige medlemmer av alliansen.

2.2 Samarbeidet mellom NATO og EU. Tryggings- og forsvarspolitikken i EU.

Eit godt samarbeid mellom NATO og EU er avgjerande både for tryggleiken i Europa og for den samla evna hos dei allierte til å støtte opp om fred og stabilitet også utanfor det europeiske kontinentet. Utvidingane av dei to organisasjonane våren 2004 illustrerer at dei kan spele utfyllande roller i arbeidet med å fremje demokrati og politiske, økonomiske og forsvarsmessige reformer. Ein god partnerskap er særleg viktig for å fullføre arbeidet med stabilisering på Balkan.

Mot denne bakgrunnen var det skuffande å sjå at samarbeidet mellom dei to organisasjonane ikkje hadde særleg framgang i 2004. Rett nok gjekk overføringa av fredsoperasjonen i Bosnia-Hercegovina frå NATO til EU smertefritt. Men det var liten framgang i arbeidet med å forme eit breiare politisk og praktisk samarbeid for å møte felles trygging utfordringar. I praksis var dialogen ved utgangen av 2004 innsnevra til spørsmål om operasjonen i Bosnia-Hercegovina og utviklinga av militære kapasitetar, som begge fell inn under dei såkalla «Berlin Pluss»-ordningane.

Det var fleire årsaker til at NATO-EU-samarbeidet ikkje utvikla seg slik ein hadde håpa. Mens Noreg og ei rekkje andre allierte, også fleirtalet av EU-medlemmene, ønskjer eit breitt og forpliktande samarbeid mellom dei to organisasjonane, ønskjer andre EU-land å avgrense samarbeidet av omsyn til eigenarta ved EU og for å redusere den amerikanske innverknaden på europeisk politikk. I tillegg fekk tilhøvet mellom Tyrkia og EU følgjer for samarbeidet mellom NATO og EU. Problema som følgde av det tyrkiske ønsket om eit klarere perspektiv på EU-medlemskap og ei løysing på Kypros-spørsmålet, verka utan tvil inn på tonen, innhaldet og breidda i dialogen mellom dei to organisasjonane.

Frå norsk side stod ein fast på at det militære samarbeidet mellom dei to organisasjonane må tolkast vidt. Samarbeidet bør utviklast til å omfatte eit større mangfald av politiske og militære spørsmål, mellom anna NATO-støtte til planlegging og gjennomføring av EU-leidde operasjonar og samordning av ulike forsvarsplanleggingsdisiplinar. Tett

militært samarbeid er viktig for å kunne tilpasse bidraga frå dei allierte ikkje-EU-landa, også vårt eige, etter dei behov EU har ved gjennomføring av operasjonar og ved deltaking i EU-innsatsstyrkar. Frå norsk side har ein difor argumentert for at kontaktordningane må dimensjonast etter den politiske ambisjonen om å byggje ut ein gjensidig forsterkande partnerskap mellom NATO og EU.

Noreg var ein pådrivar for å utvide samarbeidet frå reint militære spørsmål til område som kamp mot internasjonal terrorisme og mot spreiding av masseødeleggingsvåpen.

Det er semje mellom dei to organisasjonane om å styrkje koordineringa og kontaktordningane. Ei mellombels ordning med å utstasjonere EU-offiserar ved det militære NATO-hovudkvarteret i Belgia (SHAPE) og i Napoli, og å stasjonere ein NATO-offiser ved EU-militærstaben (EUMS) i Brussel, vart utvida i samband med overtakinga i Bosnia-Hercegovina. Den eine av dei to NATO-offiserane som arbeidde ved EUMS i siste halvdel av 2004, var frå Noreg. Dette var første gongen ein offiser frå eit land utanfor EU fekk plass i EUMS. Arbeid er no i gang i begge organisasjonane for å setje i verk vedtaket frå desember 2003 om å opprette permanente militære kontaktordningar, mellom anna ei EU-celle ved SHAPE og ein permanent NATO-liaison ved EUMS. Siktemålet er å få desse ordningane på plass i første halvdel av 2005.

Arbeidet i EU med å styrkje den felles europeiske tryggings- og forsvarspolitikken (ESDP) held fram, i tråd med dei politiske EU-målsetjingane. EU ønskjer å ta større ansvar i internasjonale spørsmål. Dette vil på sikt medverke til ei jamnare byrdefordeling mellom Europa og USA. Ei slik utvikling vil vi vere tente med på begge sider av Atlanteren.

I desember tok EU over den militære NATO-operasjonen i Bosnia-Hercegovina, der Noreg deltek. Dette er til no det desidert største militære engasjementet EU har teke på seg. Vi må rekne med at ein vellukka operasjon vil styrkje ønsket frå EU-hald om å vidareutvikle forsvars- og tryggingspolitikken ytterlegare.

Andre uttrykk for styrkinga av tryggings- og forsvarspolitikken i EU er vedtaka om å etablere innsatsstyrkar og å inngå eit tettare samarbeid om forsvarsmateriell.

Etablering av innsatsstyrkar er viktig for at EU skal evne å støtte FN i krisehandteringsoperasjonar. Dette vil kunne gjere det lettare for FN å gripe tidleg inn i regionale konfliktar og styrkje det internasjonale samfunnet i arbeidet med krisehandtering, med særleg vekt på Afrika. Dette er bakgrunnen for at Noreg vedtok å gå saman med Sverige

og Finland i ein nordisk innsatsstyrke på inntil 150 mann. Deltakinga i styrken er ei vidareføring av norsk støtte til ein felles europeisk tryggings- og forsvarspolitikkk og av deltakinga i dei militære og sivile krisehandteringsoperasjonane i EU.

Arbeidet med å opprette ein nordisk innsatsstyrke går som planlagt, og vi er no i ferd med å fullføre avtalegrunnlaget med Sverige og Finland om etableringa av styrken. Vi har òg hatt ei brevveksling med EU som klargjer dei sentrale føresetnadene for norsk deltaking.

På norsk side har vi dessutan arbeidd for å

sikre god tilgang til EU-organet for forsvarsmateriell (European Defense Agency – EDA), som tredde i funksjon 1. januar 2005. Ein bilateral avtale vil bli underteikna våren 2005. Avtalen gjeld dei administrative rammene for samarbeidet, og inneber ingen folkerettslege plikter. Det vert etablert ei konsultasjonsordning for gjensidig informasjonsutveksling på heile arbeidsfeltet til EDA. Samtidig opnar avtalen for norsk deltaking i prosjekta og programma til EDA. Samarbeidet med EDA vil slik sett utgjere eit sentralt element i det forsvarspolitiske samarbeidet mellom Noreg og EU.

3 Internasjonale operasjonar

3.1 Afghanistan

NATO-overtakinga av den internasjonale stabiliseringsstyrken (International Security Assistance Force – ISAF) i Afghanistan i august 2003 har, i tillegg til å skape større stabilitet og kontinuitet i gjenreisingsarbeidet, gjort at fleire mindre land har kunna stille mannskap til den multilaterale styrken. Meir enn 30 NATO- og partnerland deltok i ISAF i 2004.

Ei sentral målsetjing for NATO er å medverke til å gje sentralregjeringa større kontroll også i provinsane. For å få til ei stabilisering av heile landet kunne ein difor ikkje avgrense det militære nærværet til Kabul og omegn. Både afghanske styresmakter og FN bad om eit utvida mandat for ISAF. Samtidig var det klart at alliansen ikkje ville makte å skaffe fram tilstrekkelege styrkar til å etablere eit tungt militært nærvær over heile landet.

Med basis i tryggingrådsresolusjon 1510 frå oktober 2003 gjekk NATO difor i gang med ei gradvis utviding av operasjonsområdet for ISAF ved å etablere såkalla regionale stabiliseringslag (Provincial Reconstruction Team – PRT). Siktemålet er å tryggje og stabilisere heile landet etappevis. PRT-laga skal skape tryggingssplattformer, som er ein føresetnad både for utviding av sentralmakta og for økonomisk gjenreising. I 2004 vart fleire PRT-einingar etablerte nord og nordvest i landet.

I dag medverkar ISAF til stabilitet og tryggleik på fleire måtar: Direkte gjennom vakthald og patruljering, både aleine og saman med den afghanske hæren, og indirekte gjennom trening av denne hæren og – i noko mindre grad – den nasjonale politistyrken. I tillegg deltek ISAF i avvæpning, demobilisering, reform av tryggingssektoren og antinarkotikaarbeid. ISAF vidarefører dessutan mindre sivilmilitære prosjekt innan infrastruktur, skule, vassforsyning, helse og jordbruk.

Støtte frå den amerikanskledde Operation Enduring Freedom (OEF) er avgjerande for at ISAF skal lukkast med PRT-engasjementet sitt. OEF har framleis som ei viktig oppgåve å slå tilbake eksisterande terroristgrupperingar. Koalisjonsstyrken er med på å skape stabilitet og leggje til rette for ei

gradvis utviding av operasjonsområdet til ISAF. Likeins er ISAF med på å skape rammevilkår som hindrar at terroristar og andre fiendtlege gruppeingar får nytt fotfeste i provinsane der PRT-einingar er etablerte. Samspelet mellom dei to operasjonane er difor heilt grunnleggjande for å handtere tryggingssituasjonane i Afghanistan.

Utviklinga i Afghanistan har vore positiv i 2004. Presidentvalet var vellukka, og arbeidet med reformer i tryggingssektoren går framover. Spesielt viktig i denne samanhengen er arbeidet med å byggje opp ein afghansk hær og å utvikle ein politistyrke og eit fungerande rettsvesen. I dei NATO-kontrollerte områda nord og nordvest i landet er tryggingssituasjonen gjennomgåande god. I 2005 vil det vere eit hovudmål for NATO å få fleire PRT-lag på plass vest og sør i landet, slik at dei både kan medverke til generell utvikling og støtte opp under dei planlagde parlamentsvala.

Den positive utviklinga må likevel ikkje få skygge for utfordringane som framleis finst i Afghanistan, spesielt i form av væpna grupper, opiumsproduksjon og korrupsjon. Ikkje minst er den aukande narkotikaproduksjonen ein alvorleg trussel mot regional og internasjonal stabilitet.

Det er full semje i alliansen om at afghanarane sjølve må ta leiinga i gjenreisninga av landet. NATO si oppgåve må vere å sikre og styrkje tryggleiken i landet og verke som tilretteleggjar for afghansk og anna internasjonal verksemd. Noreg legg stor vekt på eit tettast mogeleg samarbeid mellom dei internasjonale aktørane i Afghanistan, og på at ansvaret snarast råd må bli overført til dei nasjonale styresmaktene, også når det gjeld tryggleiken i landet.

Noreg har delteke i ISAF sidan styrken vart oppretta i 2002. I 2004 stod vi for leiinga av den eine av tre bataljonsstridsgrupper i Kabul, der også eit vakt- og sikringskompani inngår. Vidare har Noreg sendt stabsoffiserar til ISAF-hovudkvarteret og personell til det britiskledde PRT-laget i Meymaneh nord i Afghanistan. Vi vil framleis leggje hovudtyngda av det internasjonale militærengasjementet vårt til Afghanistan. Vi tek sikte på å overta leiinga av PRT-eininga i Meymaneh i løpet av 2005. Storbritannia, som i dag leier dette arbeidet, har

spurt om Noreg vil ta på seg denne leirolla. Noreg vil også stille spesialstyrkar til OEF.

Vidare stiller Noreg inntil 10 politioffiserar til opplæring av det afghanske politiet gjennom det tyske politiprojektet i Kabul. Bidraget vårt er hovudsakleg retta mot opplæring i menneskerettar. Noreg yter også ein god del utviklingshjelp til Afghanistan, som i 2004 fekk status som utviklingspolitisk samarbeidsland. Vi vil òg trappe opp innsatsen i antinarkotikaarbeidet.

3.2 Balkan

3.2.1 Bosnia-Hercegovina

Under NATO-toppmøtet i Istanbul vart det vedteke at den NATO-leidde fredstryggingsoperasjonen SFOR skulle overførast til ein ny EU-leidd styrke, EUFOR. Sidan situasjonen i Bosnia-Hercegovina framleis må reknast som stabil, men sårbar, var det semje om at EUFOR skulle vere like stor som SFOR-styrken, rundt 7000 personar.

Overføringa av operasjonen frå NATO til EU gjekk smertefritt. Operasjonen byggjer på dei såkalla «Berlin Pluss»-ordningane, som opnar for at NATO kan gje støtte til militære operasjonar som EU planlegg og leier. NATO vidarefører nærværet i Bosnia-Hercegovina, og har oppretta eit nytt hovudkvarter i Sarajevo. Hovudoppgåva er å hjelpe til med forsvarsreformer med sikte på å gjere landet meir eigna som kandidat til å delta i partnersamarbeidet i NATO. Alliansen støttar dessutan EU innanfor etterretninga og i arbeidet med å oppspore ettersøkte personar som er tiltala av Den internasjonale forbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia, og har elles ein del andre operative funksjonar i samband med tiltak mot terrorisme.

3.2.2 Kosovo

Hovudoppgåva til den NATO-leidde internasjonale fredsstyrken i Kosovo (KFOR) er stabilisering og assistanse til FN-administrasjonen (UNMIK). Kosovo står svakt økonomisk, og situasjonen er prega av manglande framtidsutsikter. Organisert kriminalitet er utbreidd, med smugling av narkotika, våpen og menneske, og utgjer ein stor trussel mot tryggleiken og stabiliteten i området. UNMIK og KFOR har gjort framsteg i det sivilmilitære samarbeidet, og står no betre rusta i kampen mot desse utfordringane.

Frå rundt 28 000 soldatar i 2002 vart KFOR-styrken i 2003 redusert til 17 000. Ytterlegare nedtrapping i løpet av 2004 vart vurdert. Ein vart sam-

de om at ei vidare nedtrapping må skje i takt med ei klar betring av tryggingssituasjonen og ikkje tvingast fram før situasjonen tillèt det. KFOR-nærværet vil i tida framover vere heilt nødvendig for å skape den roa og stabiliteten som Kosovo treng.

Den 17. mars 2004 blussa valden mellom albanarar og serbarar i Kosovo kraftig opp i løpet av nokre få timar. KFOR, medrekna den norske bataljonen på rundt 450 mann, klarte på under 48 timar å roe ned situasjonen. Like fullt vart 19 menneske drepne, nesten 1000 skadde og hundrevis av kosovoserbiske eigedommar øydelagde under opptøyane. Dette var dei største valdshendingane i provinsen sidan krigen i 1999. Det at valden blussa opp fleire stader på same tid, gav indikasjonar på at valden var planlagd og inspirert av interne krefter som ønskte å destabilisere Kosovo.

Som følge av hendingane i mars avgjorde NATO-landa at styrkenivået i KFOR skal haldast på dagens nivå inntil vidare. Sommaren 2004 bytte Noreg ut hærbidraget i Kosovo med ei helikoptereining som skal vere der fram til sommaren 2005.

Den norske NATO-ambassadøren Kai Eide fekk våren 2004 i oppdrag av generalsekretæren i FN å skrive ein rapport om situasjonen i Kosovo og gje tilrådingar om korleis det internasjonale samfunnet skulle handtere prosessen vidare. Eide la fram rapporten i juli 2004. Han rådde m.a. til at ein innan sommaren 2005 gjennomfører ei grundig vurdering av dei resultata sjølvstyreorgana i Kosovo har oppnådd når det gjeld å implementere visse prioriterte standardar, mellom anna tiltak som gjennom tryggleik, gjenreising og desentralisering kunne gje minoritetane ei betre stilling. Eit positivt resultat av vurderinga vil i følge rapporten frå Eide leggje til rette for ein diskusjon om den framtidige folkerettslege statusen til Kosovo. Verdssamfunnet har i stor grad følgd opp tilrådingane.

Det knyter seg likevel stor uvisse til den vidare utviklinga i tryggingssituasjonen og den politiske prosessen i Kosovo. Dette skuldast ikkje minst at leiande politikarar i Serbia har oppfordra den kosovoserbiske minoriteten til å boikotte den politiske prosessen, noko som dessverre også skjedde under vala til sjølvstyreorgana i oktober 2004. Det at Ramush Haradinaj, tidlegare militær leiar for den kosovoalbanske frigjeringshæren KLA, vart utnemnd til statsminister i Kosovo etter valet, er òg blitt eit stridsspørsmål som har vore med på å svekke dialogen med den kosovoserbiske minoriteten og med styresmaktene i Serbia.

Det er brei semje i NATO om at alliansen i tillegg til å arbeide for militær stabilisering også må spele ei politisk rolle i Kosovo. Heilt sentralt i denne samanhengen vil det vere å støtte FN-inn-

satsen og medverke til ei mest mogeleg samordna internasjonalt tilnærming i Kosovo.

3.3 Irak

Då tryggingrådet i FN vedtok resolusjon 1546 tidleg i juni 2004, var grunnlaget lagt for ein overgang frå okkupasjon til eit sjølvstendig Irak. Samtidig vart det internasjonale tryggingssnærværet i Irak halde ved lag etter oppmoding frå irakisk hald. Resolusjonen inneheld òg ein appell til regionale tryggingssorganisasjonar om å medverke til stabilisering av Irak, mellom anna gjennom opplæring av irakiske tryggingssstyrkar. Resolusjonen, saman med ei direkte oppmoding til NATO frå den irakiske interimregjeringa om å medverke til opplæring av irakiske tryggingssstyrkar, opna for eit NATO-engasjement.

På denne bakgrunnen kunne NATO på Istanbul-toppmøtet i slutten av juni vedta å etablere ein treningsmisjon i Irak (NATO Training Mission in Iraq – NTM-I). Vedtaket skapte ei ny semje om Irak-tilnærminga i alliansen, men fjerna ikkje meiningsforskjellane som hadde lege til grunn for korleis dei allierte stilte seg til Irak-konflikten.

NATO-opplæringa er avgrensa til strategisk opplæring og rådgjeving til militære og sivile leiarar på mellom- og høgre nivå. Alliansen har òg ei rolle i å koordinere tilbod om militært utstyr, ammunisjon og bilateral opplæring for irakisk tryggingsspersonell utanfor Irak. NTM-I er skilt frå dei fleirnasjonale styrkane under amerikansk leiing, men samarbeider og koordinerer nært med desse. Dei fleirnasjonale styrkane skal syte for den generelle områdetryggleiken rundt NATO-oppgjaget i Irak, mens NATO sjølv har ansvaret for nærværet av eigne institusjonar, infrastruktur og nærtransport. Den militære sjefen for opplæringsaktivitetane som dei fleirnasjonale styrkane driv i Irak, fungerer også som sjef for NTM-I, og har dermed ei dobbeltrolle som inneber rapportering gjennom NATO-kommandolinja til øvste militære NATO-sjef i Europa, og i siste instans til NATO-rådet. Operasjonsplanen for NTM-I vart godkjend av NATO-rådet i midten av november 2004. Først i byrjinga av desember var det tilbode nok personellressursar frå nasjonane til å setje i verk første fasen av NTM-I.

Noreg har delteke i NTM-I i Irak frå starten med personell frå NATOs kommandostruktur. Noreg har likeins medverka til å leggje til rette for opplæring av irakiske offiserar ved Joint Warfare Centre i Stavanger. Samtidig har Noreg forplikta seg til å sende inntil 10 instruktørar til Irak.

I tillegg deltek Noreg i den fleirnasjonale styrken i Irak med inntil 10 stabsoffiserar i dei britiske og polske hovudkvartera.

Noreg legg dessutan opp til å stå for opplæring av irakiske politioffiserar i Noreg, med vekt på menneskerettar, likestilling og administrasjon. Vidare vil Noreg framleis medverke økonomisk til gjenreisinga i Irak, i hovudsak gjennom Verdsbanken og FN.

Nokre allierte gjorde det klart at deira personell, sjølv det som tenestegjer i dei multinasjonale operative stabane i alliansen, ikkje kunne gjere teneste i Irak. Dette avvik frå prinsippet om at nasjonalt personell i NATO-stabar står til disposisjon for oppdrag som er vedtekne i dei styrande organa i alliansen, og styrkte inntrykket av eit svakare alliert samhald. Vanskane med å følgje opp vedtaket frå Istanbul førte til fornya amerikansk kritikk av europeiske allierte, og gjorde brubygginga i alliansen vanskeleg.

Den vellukka gjennomføringa av valet i Irak 30. januar 2005 medverka til ei meir samla alliert tilnærming til Irak. Alle allierte såg positivt på at irakiske styresmakter og tryggingssstyrkar spela ei aktiv rolle i valg gjennomføringa, og på at irakarane sjølve tok hand om den politiske prosessen. Det uformelle toppmøtet 22. februar viste at alle allierte no medverkar til oppbygginga av eit demokratisk og stabilt Irak gjennom bidrag til NATOs treningsmisjon. Den vanskelege tryggingssituasjonen gjer det likevel problematisk å mobilisere dei nødvendige ressursane.

3.4 Patruljeringsoperasjonen i Middelhavet

NATO har gjennom heile 2004 halde fram med den maritime patrulje- og overvåkingsoperasjonen Active Endeavour (OAE) i Middelhavet. Operasjonen er ein del av alliansens felles kamp mot internasjonal terror og spreiding av masseødeleggingsvåpen, og er basert på artikkel V i Atlanterhavspakta. Noreg tek aktivt del i denne operasjonen. I mars 2004 vart operasjonsområdet utvida til å gjelde heile Middelhavet. Sidan hausten 2004 har OAE gått over i eit nytt operasjonsmønster der ein mellom anna har gått over frå å bruke ståande flåtestyrkar til ein mindre, etterretningsdriven operasjon med vanleg styrkegenerering. Det vert arbeidd med partnardeltaking i operasjonen, og under utanriksministermøtet i desember 2004 var det semje om at russiske fartøy skal delta i operasjonen.

3.5 Luftkontroll og -patruljering i Baltikum

Av dei sju nye NATO-medlemslanda står dei baltiske statane og Slovenia utan eigen kapasitet til kontroll og patruljering (Air Policing) av eige luftrom. Tilknytning til det integrerte luftovervakingssystemet i NATO er ein viktig del av det kollektive alliansesamarbeidet, og har mykje å seie politisk for desse statane. NATO har difor drive luftkontroll over dei baltiske statane og Slovenia sidan 2. april 2004. Denne allierte innsatsen vert særleg av dei baltiske statane sett på som svært viktig.

Dei einskilde NATO-landa er bedne om å stille relevante ressursar (jagarfly, utstyr og personell) til disposisjon, og bidraga er organiserte i 3-månaders rotasjonsperiodar fram til april 2006.

Noreg har hatt ei luftkontrolleining i Baltikum sidan 2. april 2004. Den norske luftkontrolleininga er høgt verdsett av NATO, dei baltiske landa og sentrale allierte. Norsk deltaking med ei luftkontrolleining vil halde fram inn i 2005. Noreg deltek vidare med fire F-16 jagarfly som skal drive luftpatruljering av baltisk luftrom i første kvartal 2005.

4 Partnarsamarbeidet

4.1 Russland

Samarbeidet mellom NATO og Russland tok viktige skritt framover i 2004. Parallelt med utvidinga av alliansen vart også NATO-Russland-rådet (NATO Russia Council – NRC) utvida, slik at det no har 27 medlemmer. Rådet står i si noverande form fram som eit viktig politisk instrument i den tillitskapande prosessen mellom tidlegare motpartar.

Når det gjeld det praktiske samarbeidet, er semja på utanriksministermøtet i desember om at russiske marinefartøy skal støtte den maritime anti-terroroperasjonen Active Endeavour i Middelhavet viktig og positiv. NRC får med dette tilbake ein operativ dimensjon som har mangla sidan Russland drog dei fredsbevarande styrkane sine ut av Kosovo og Bosnia-Hercegovina. I tillegg har ein i løpet av året vidareutvikla ei rekkje andre samarbeidsprosjekt, som tiltak for å styrkje evna til militært samarbeid, medrekna kommunikasjon og samband, logistikk, søk og redning til sjøs, missilforsvar og forsvarsreform. Det er dermed lagt eit betre praktisk grunnlag for felles militær trening og øving og påfølgjande freds- og krisehandteringsoperasjonar med deltaking frå NATO-landa og Russland. Utsiktene til dette vart omtala allereie under grunnlegginga av NRC på Roma-toppmøtet i 2002. Det er venta at Russland vil ratifisere ein avtale om status for styrkane (SOFA) i løpet av 2005. Dette vil leggje tilhøva betre til rette for at også norske styrkar kan trene saman med russiske styrkar.

På det sivile området vart mellom anna samarbeidet om luftromskontroll og utvikling av ei felles evne til sivil krise- og katastrofehandtering ført vidare. Den sivile beredskapsøvinga i Kaliningrad sommaren 2004 stadfesta at det på dette området er gjort framsteg når det gjeld å samordne ressursane til NRC-landa. Mot slutten av året vart det òg semje om ein handlingsplan mot internasjonal terrorisme og om eit samarbeid for å hindre smugling av narkotika frå Afghanistan, med felles opplæringsinitiativ.

Dei politiske konsultasjonane tok steget frå å drøfte spørsmål der det er stor grad av semje til å ta opp saker der partane står lengre frå kvarandre. Av slike saker kan nemnast konvensjonell rustingskon-

troll (Conventional Armed Forces in Europe – CFE), utviklinga i Georgia og ikkje minst situasjonen rundt presidentvalet i Ukraina. Denne siste diskusjonen munna ut i semje på utanriksministermøtet i desember om støtte til eit uavhengig og demokratisk Ukraina og ei felles oppmoding om at den politiske krisa måtte løysast i samsvar med rettsstatlege prinsipp og med landets konstitusjon.

Den russiske tilnærminga til diskusjonane om Ukraina illustrerer kor stor vekt Russland legg på NRC. Rådet vert rekna som eit viktig tryggingsspolitisk forum der det er lagt avgjerande vekt på felles interesser og på å oppretthalde eit godt samarbeidsklima. Det inneber ei pragmatisk og ikkje-konfrontatorisk tilnærming til dei allierte og kompromissvilje i enkeltsaker som til dømes Ukraina.

Semja om denne fråsegna kan ikkje dekkje over at det framleis finst svake punkt i den politiske delen av NRC-samarbeidet. Det er problem med manglande substans i dei jamlege konsultasjonane. Drøftingane er berre i liten grad blitt utnytta til å formulere felles synspunkt og initiativ. Ikkje minst blir det viktig å utnytte Russlands eiga tru på NRC til å påverke den russiske innstillinga til politiske spørsmål av felles interesse.

Sett i eit norsk perspektiv må ein seie seg tilfreds med utviklinga. Heilt sidan NRC vart oppretta, er det lagt vekt på den tillitsskapande verdien av samarbeidet. På denne bakgrunnen er det positivt at støtta til NRC internt i Russland synest å bli sterkare. Denne utviklinga er særleg merkbar i direkte kontaktar på militær side.

Frå norsk side er det lagt til grunn at alliansen og Russland saman kan øve ein vesentleg innverknad på arbeidet med å finne praktiske løysingar på dei sentrale tryggingsspolitiske problema. Vi har difor lagt særleg stor vekt på utforming av felles synspunkt og initiativ. Noreg har delteke aktivt i utforminga av den felles tilnærminga hos NRC-landa til grensetryggleik på Balkan og reformprosessane i Bosnia-Hercegovina, og no seinast felles fråsegna om mellom anna Ukraina.

Frå norsk side er ein i tillegg nøgd med at det praktiske samarbeidet er i ferd med å skape ei auka felles evne til krisehandtering. Prioriterte område for norsk innsats er militært samarbeid, også

når det gjeld oppbygging av evne til felles operasjonar, forsvarsreform og omskolering av overflødig militært personell slik at dei kan ta arbeid i sivil sektor, og sivil beredskap. På alle desse områda har det vore positive tendensar i 2004.

Det er viktig å ha ei realistisk innstilling til NRC. Utsiktene for å bruke rådet som eit instrument til å påverke den indre reformprosessen i Russland er i hovudsak avgrensa til det fagmilitære området. På vanskelege utanrikspolitiske områda som CFE er det grenser for kor langt Russland er villig til å strekkje seg. Sjølv om det til no har vore heller lite rom for samordna synspunkt i denne typen spørsmål, vil det vere viktig å halde spørsmåla på sakskartet og søkje å komme fram til meir samarbeidsorienterte russiske synspunkt på lengre dikt.

4.2 Ukraina

Samarbeidet i NATO-Ukraina-kommisjonen (NATO Ukraine Commision – NUC) var i 2004 prega av stillstand. Etter det vellukka valet er det venta at samarbeidet får ein ny giv i 2005. President Viktor Jusjtsjenko har signalisert ein meir vestleg kurs enn forgjengaren. Det kan ventast nye ukrainske framstøytar for å styrkje og utvide samarbeidet med vestlege institusjonar som NATO og EU.

Ei slik styrking av samarbeidet føreset likevel ukrainsk framgang i oppfølginga av handlingsplanen med NATO. I lys av den positive politiske utviklinga i Ukraina ligg alt no til rette for å skape framgang i tilhøvet. NUC-toppmøtet 22. februar understreka det viktige i å samarbeide nært og tett med Ukraina på grunnlag av eksisterande samarbeidsmekanismar. Det vil no vere opp til Ukraina å vise gjennom reformer i tryggingss- og forsvarssektoren at landet ønskjer eit tettare samarbeid med NATO.

Den største utfordringa for NATO-samarbeidet med Ukraina i 2005 blir å skape nytt liv i den politiske dialogen og halde fram samarbeidet om målretta reformer. Ukraina har gjennomført store forsvarsreduksjonar sidan landet vart sjølvstendig, men dette har føregått utan ein overordna plan. Det ukrainske forsvarsdepartementet har m.a. utarbeidd eit politisk grunnlag og verktøy for ein meir målretta transformasjonsprosess, og Ukraina og NATO har utvikla mekanismar for omfattande tryggingss- og forsvarspolitisk samarbeid. Dette gjeld m.a. omstillingar og reduksjonar i forsvaret, profesjonalisering og tilpassing til NATO-standar. Ei hovudutfordring synest å vere balanse mel-

lom utfordringar, militære oppgåver, ressurstilgang og styrkestruktur.

I denne samanhengen er det svært positivt at USA har sagt seg villig til å leie eit frivillig fond for destruksjon av handvåpen, overskotsammunisjon og berbare luftforsvarssystem (Man-Portable Air Defense Systems – MANPADS) i Ukraina. Fondet vil vere det hittil største frivillige fondet i NATO-regi. Noreg vil støtte prosjektet med 2 millionar kroner dei neste tre åra.

Ukraina har lenge ytt vesentlege bidrag til ulike fleirnasjonale operasjonar. Gjennom denne innsatsen har landet vist seg i stand til operativt militært samarbeid med NATO, både på Balkan og i Afghanistan. Det praktiske militære samarbeidet vil bli vidare utbygd, blant anna gjennom deltaking i Operation Active Endeavour og i form av lufttransportstøtte. Ei rekkje møte vart haldne mellom dei militære NATO-styresmaktene og Ukraina i 2004, og førebuingane er komne langt. Det er venta at det ukrainske bidraget vil bli avklara i løpet av 2005.

4.3 Det breiare partnerskapssamarbeidet (EAPC)

Utvidinga av NATO i mars 2004 førte til at ein innanfor det 46 land store partnerskapsorganet EAPC no hadde fleire medlemsland enn partnerland. Eit viktig spørsmål i kjølvatnet av utvidinga var korleis partnersamarbeidet (EAPC/PfP) skulle formast i tida framover. Det var difor eit klart ønske i alliansen å omforme partnersamarbeidet slik at det vart teke større omsyn til ulikskapane mellom partnerlanda og til aktuelle tryggingsspolitiske utfordringar som til dømes Afghanistan.

Samarbeidet med partnerlanda står i dag fram som ein svært viktig del av arbeidet og den politiske profilen til alliansen. Partnersamarbeidet omfattar no i hovudsak tre grupper: dei tre landa på Balkan (Kroatia, Makedonia og Albania) som deltek i det medlemskapsførebunde NATO-programmet (Membership Action Plan – MAP), land i Sentral-Asia og Kaukasus og dei alliansefrie vest-europeiske partnerlanda (Sverige, Finland, Austerrike, Irland og Sveits).

NATO vidarefører sitt engasjement overfor MAP-landa, og ønsket om at dei skal nå målet om medlemskap i alliansen står fast. Etter den siste utvidingsrunda såg ein kor gunstig det hadde vore for desse landa å delta i MAP som førebuing til medlemskap og for å integrere dei betre i dei ulike NATO-prosessane. Like fullt er det klart at framstega til dei tre landa er ujamne. Kroatia har fått

status som kandidatland til EU som følge av den positive utviklinga dei seinare åra, men NATO legg framleis vekt på fullt samarbeid med Den internasjonale forbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) før medlemskap kan bli aktuelt. Makedonia har trass i intern politisk og etnisk spenning hatt relativt god framgang. I Albania er det enkelte positive utviklingstrekk på militær side, men større løft må gjerast mellom anna i justis- og politivesenet. MAP-landa blir vurderte individuelt med tanke på NATO-medlemskap. Noreg er aktivt med på å kvalifisere dei tre MAP-landa for framtidig NATO-medlemskap, både gjennom bilaterale forsvarsreformprosjekt og gjennom multilaterale tiltak.

NATO-toppmøtet i Istanbul i juni 2004 vedtok å vidareutvikle partnarsamarbeidet på fleire område. Eit særleg geografisk fokus vert retta mot Sentral-Asia og Kaukasus. NATO har med sitt omfattande engasjement i Afghanistan gjeve samarbeidet med land i desse regionane høg aktualitet. Generalsekretæren har utpeika ein spesialrepresentant for Sentral-Asia og Kaukasus for å følgje utviklinga nært, og det vert arbeidd med å opprette lokal NATO-representasjon i regionen.

Generalsekretæren gjesta Sentral-Asia og Kaukasus hausten 2004, og drøfta m.a. mogeleg samarbeid innan forsvarsreform, grensesikring, arbeid mot internasjonal terrorisme og kamp mot narkotikatrafikk. Det er klare forskjellar på kva partnarlanda ønskjer seg av samarbeidet, og aktivitetane vil difor i stor grad måtte forankrast i dei behova landa sjølve har definert. Samtidig må NATO-engasjementet i området sjåast i samanheng med kva andre internasjonale organisasjonar gjer. OSSE har t.d. allereie eit breitt engasjement i Sentral-Asia og Kaukasus, og NATO ønskjer å konsentrere seg om aktivitetar der organisasjonen har særlege kvalifikasjonar, t.d. innan forsvarsreform.

I Istanbul vart det òg teke viktige avgjerder når det gjeld vesteuropeiske partnarar og behovet for å leggje tilhøva til rette både politisk og praktisk for at desse kan delta i NATO-aktivitetar. Noreg samarbeidde nært med m.a. Sverige og Finland om å gjere partnarsamarbeidet meir relevant for dei vesteuropeiske partnarlanda. Noreg har som utgangspunkt at dei fire alliansefrie EU-landa og Sveits kan delta meir i den militære omforminga av NATO enn andre partnarland. Innsatsen deira i NATO-leidde krisehandteringsoperasjonar og partnaraktivitetar generelt er svært verdifull for alliansen. Noreg har støtta at desse landa blir knytte tettare til arbeid med militær samhandling og kapasitetar i NATO.

NATO diskuterte i første halvdel av 2004 om

Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina skulle få tilbod om deltaking i PfP. Krava frå alliansen var og er at Bosnia-Hercegovina m.a. opprettar ei felles leiing for dei militære styrkane i landet og gjennomfører meir djuptgåande forsvarsreformer, og at både Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro samarbeider fullt ut med ICTY. Dette gjeld spesielt for utlevering av dei to krigsforbrytartiltalte bosniske serbarane Radovan Karadzic og Ratkom Mladic. Førebels er det oppretta eigne samarbeidsprogram innan forsvarsreform mellom NATO og dei to landa, men begge er utsette for hard kritikk frå det internasjonale samfunnet for mangel på samarbeid med ICTY, og vart difor ikkje tilbydde medlemskap i partnarsamarbeidet under NATO-toppmøtet i juni 2004.

På norsk side meiner vi at landa må inn i PfP så fort det let seg gjere. Etter vårt syn er det lettare å medverke til at den politiske utviklinga går i rett lei viss ein samarbeider tett med landa og såleis støttar direkte opp om reformvennlege krefter, framfor å isolere eitt eller begge landa utanfor den euroatlantiske fellesskapen. Noreg medverkar svært aktivt til forsvarsreform i Serbia og Montenegro. Ambassaden vart i den samanheng styrkt med ein offiser for å lette forsvarsreformene. Dei nordiske forsvarsministrane tok i september 2004 eit initiativ til regionalt forsvarssamarbeid med Vest-Balkan. Dette samarbeidet har eit særleg fokus på Serbia og Montenegro, som vert rekna som avgjerrande for ei positiv regional utvikling.

Noreg overtok i september 2004 vervet som NATO-kontaktambassade i Beograd, eit mandat vi har for eit tidsrom på to år. Vår rolle i denne samanhengen er primært knytt til informasjonsverksending og tilrettelegging av dialog mellom styresmaktene i Beograd og NATO-institusjonane.

4.4 Middelhavslanda og Midtausten-regionen

Den auka merksemda i NATO om samarbeid med landa i Middelhavs- og Midtausten-regionen må sjåast i lys av behovet for å stimulere til ein brei reformprosess og sikre nye partnarar i kampen mot internasjonal terrorisme. Det er ei vanleg oppfatning at stabilisering og demokratisering i desse områda vil gje mindre grobotn for og støtte til internasjonal terrorisme.

Middelhavsdialogen vart lansert i 1994, og var det første forsøket NATO gjorde på å byggje nye relasjonar på tvers av Middelhavet. Dialogen omfattar i dag Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Mauritania, Marokko og Tunisia. Den opphavlege ambi-

sjonen var mest å få i stand eit forum for tillits-
skapande tiltak og innsyn. NATO har i dialogen
med middelhavslanda lagt vekt på felles eigarskap,
komplementaritet med tilsvarende prosessar i EU
og OSSE og respekt for nasjonalt og regionalt sær-
preg. Dialogen er gradvis blitt utvida dei ti åra han
har vart, men har til no hatt heller små resultat å
vise til både på det praktiske og det politiske planet.

Med vedtaka på Istanbul-toppmøtet gjekk
NATO inn for å styrkje samarbeidet om regional
tryggleik og stabilitet med landa rundt Middelhavet
og i den vidare Midtausten-regionen. Det var
semje om å løfte Middelhavsdialogen opp til ein
genuin partnerskap med NATO og å lansere eit
nytt Istanbulinitiativ for samarbeid (Istanbul Co-
operation Initiative – ICI) retta mot landa i den
vidare Midtausten-regionen.

I Istanbul-vedtaka fokuserte alliansen på fire
hovudmålsetjingar for den utvida og styrkte dialo-
gen: å utvide den eksisterande politiske dialogen,
arbeide for auka interoperabilitet, utvikle eit sam-
arbeid for forsvarsreform og delta i kampen mot
terrorisme, til dømes innanfor den maritime anti-
terroroperasjonen Active Endeavour.

I samband med utanriksministtermøtet i NATO
i desember 2004 vart det for første gong halde eit
felles utanriksministtermøte mellom NATO-landa
og landa i Middelhavsdialogen. Møtet var svært
vellukka, og det var brei semje om å konkretisere
og utdjupe samarbeidet i tida framover.

Den norske ambassaden i Amman har sidan
2002 vore kontaktambassade for NATO i Jordan.
Det var første gongen ein norsk ambassade har
hatt oppgåva som kontaktambassade i eit land i
Middelhavsdialogen. Ambassaden har hatt ut-
strekt kontakt med både militære og sivile jordan-
ske motpartar og med andre NATO-lands ambas-
sadar, og har delteke i seminar og føredragsverk-
semd og i tilrettelegging for NATO-delegasjonar
på reise til Jordan.

Istanbulinitiativet sprang ut av eit ønske frå flei-
re allierte med USA i spissen om å styrkje sam-
arbeidet med landa i den vidare Midtausten-regio-
nen, både med sikte på å motarbeide terrorisme og
å medverke til ei demokratisk utvikling i regionen.
Det er brei semje om at ICI må vere ein del av eit
breiare internasjonalt engasjement i regionen som
omfattar både G8, EU og FN.

Ingen av initiativa er meinte å skulle føre til
medlemskap i NATO eller PfP, og inneber ingen
tryggingssgarantiar. Det er likevel ei målsetjing å
styrkje den politiske dialogen mellom NATO og
dei involverte landa, for såleis å medverke til eit
nærare samarbeid og til reformer. Samarbeidet er i
ein tidleg fase.

Både MD og ICI byr på praktisk militært sam-
arbeid på felt der NATO har særleg kompetanse,
mellom anna forsvarsreform, interoperabilitet og
kamp mot internasjonal terrorisme. I tillegg kan
det bli aktuelt med ulike tiltak for å medverke til
operativ samhandling med NATO. Tanken er at
auka forståing og gjensidig tillit kan byggjast gjen-
nom slike utvida praktiske kontaktar. NATO må
dessutan unngå å duplisere tiltak og samarbeid i
regi av andre organisasjonar og initiativ.

NATO gjennomførte hausten 2004 konsultasjo-
nar med alle landa i Gulf Cooperation Council
(GCC) om ICI. Dette omfattar Kuwait, Bahrain,
Qatar, Dei sameinte arabiske emirata, Oman og
Saudi-Arabia. Dei tre førstnemnde har no formalis-
sert samarbeidet med NATO, og det er venta at
fleire vil følgje.

NATO-initiativa i Middelhavsområdet og den
vidare Midtausten-regionen kjem i ein periode pre-
ga av forsiktig optimisme når det gjeld fredspros-
essen i Midtausten.

Ein ny giv i forholdet mellom Israel og Palesti-
na er i ferd med å gje ein ny dimensjon til den rolla
NATO spelar Midtausten. Det uformelle topp-
møtet 22. februar avdekte at det er brei alliert vilje
til å vurdere om NATO kan medverke til å styrkje
tryggleiken i regionen, i første rekkje ved å hjelpe
palestinske styresmakter med reformer i tryg-
gingssektoren. Frå norsk side vil vi arbeide vidare
for at NATO skal vurdere ei slik rolle.

NATO vil òg styrkje samarbeidet med Israel.
Det er brei alliert støtte til Israels ønske om ein
utvida politisk dialog og eit praktisk samarbeid.
Frå norsk side har vi lagt vekt på behovet for ei
balansert tilnærming der omsynet til andre dia-
logland vert vareteke. Desse spørsmåla vil stå sen-
tralt i alliansearbeidet det kommande året.

Noreg legg stor vekt på at NATO skal støtte
opp om tiltak i regi av andre aktørar og organisa-
sjonar. NATO må ha ei open innstilling til alle land
i regionen som deler målsetjingane med samarbei-
det og til den palestinske sjølvstyremakta. Frå
norsk side vert det òg lagt stor vekt på at dei aktu-
elle samarbeidspartnarane blir trekte med så tid-
leg som råd er, slik at sjølve samarbeidsprosessen
kan vere med på å støtte opp om reformarbeidet.
Det er òg viktig med ein balanse i samarbeidet
mellom dei ulike partane, utan at ein dermed gjev
noko land vetorett overfor dei partane som ønskjer
å gå fortare fram.

Frå norsk side har ein heile tida understreka
det viktige i å halde oppe det internasjonale politis-
ke engasjementet for å finne ei løysing på den
israelsk-palestinske konflikten, då dette er nøkke-
len til tryggleik og stabilitet i regionen.

5 Militær omforming av alliansen

NATO arbeider vidare med å omforme alliansens militære evne for å kunne handtere dei trygging utfordringane vi står overfor. Det er spesielt behov for meir fleksible styrkar som kan nyttast både innanfor og utanfor NATO-territorium. Samtidig krev nye og kostbare kapasitetar ei vidareutvikling av fleirnasjonalt samarbeid internt i alliansen. Dette er sentrale spørsmål i omforminga av dei ulike kapasitetsrelaterte prosessane og planleggingsdiplinanane i NATO.

5.1 Kommandostrukturen i NATO

Den nye kommandostrukturen i NATO, med ei søyle for gjennomføring av operasjonar og ei for gjennomføring av transformasjon, er under implementering. Alle hovudkvarter frå den tidlegare strukturen som ikkje skal vidareførast, er avvikla, og alle nye hovudkvarter er etablerte i løpet av 2004. Den nye kommandostrukturen er under oppbemanning, og skal ha avgrensa operativ kapasitet frå sommaren 2005 og full operativ kapasitet frå 2006.

Den eksisterande organisasjonen for luftkommando og -kontroll skal integrerast i den nye kommandostrukturen i NATO. Dette skal skje når det nye Air Command and Control System (ACCS) er utvikla. Denne utviklinga har vorte forseinka i 2004, noko som vil medføre ei forskyving i implementeringa av den nye organisasjonen for luftkommando og luftkontroll. Combined Air Operations Centre (CAOC) på Reitan er eitt av sju slike senter som skal nedleggjast ved overgangen til ny struktur.

5.2 Kapasitetsutvikling

NATOs reaksjonsstyrke (NATO Response Force – NRF) vart hausten 2004 erklært å ha avgrensa operativ kapasitet. Full operativ kapasitet skal oppnåast sommaren 2006. Styrken vil då ha ei bemanning på om lag 25 000. Noreg har delteke med styrkar i alle NRF-kontingentar, som kvar varer i seks månader. Treningsperioden for det største

norske enkeltbidraget til NRF-4, Telemark bataljon, var hausten 2004. Denne NRF-kontingenten står på beredskap første halvår 2005.

Med bakgrunn i kapasitetsinitiativa under NATO-toppmøtet i Praha i 2002 er det etablert ein fleirnasjonal bataljon for vern mot kjernefysiske, radiologiske, biologiske og kjemiske våpen (ARBC). Denne står til kvar tid i høg beredskap som del av NRF, og oppnådde full operativ kapasitet sommaren 2004. Arbeidet med å oppfylle dei andre kapasitetsinitiativa held fram. Som ein del av dette leier Noreg arbeidet med strategisk sjøtransport. I 2004 har talet på nasjonar som har inngått avtalar om dette samarbeidet, auka til 16.

5.3 Andre politiske initiativ

NATO har hatt store utfordringar med å få generert nødvendige styrkar til operasjonar og til NRF. Dette har resultert i ei omlegging av måten alliansen skal få oppfylt sine styrkebehov på. Tidlegare har det vore gjennomført separate styrkegenereringar for kvar operasjon fleire gonger kvart år. Det har gjort det vanskeleg å ha oversikt over det samla styrkebehovet. Som ledd i omlegginga av styrkegenereringssystemet i NATO, og for å gjere systemet meir oversiktleg og langsiktig, vart den første årlege globale styrkegenereringskonferansen gjennomført i november 2004. Dette var eit vellukka tiltak som også legg betre til rette for kosteffektive fleirnasjonale samarbeidsløysingar i dei ulike operasjonsområda. Arbeidet med eit meir funksjonelt system for styrkegenerering vil bli vidareført.

Alliansen har behov for meir allsidige og deployerbare styrkar for å løyse sine oppgåver. Dette er bakgrunnen for det såkalla Usability of Forces-initiativet, der i det i samband med toppmøtet i Istanbul vart vedteke at minst 8 % av dei samla landstyrkane i alliansen til kvar tid skal vere tilgjengelege for operasjonar og reaksjonsstyrkar som NRF. Det vart også vedteke at minst 40 % av landstyrkane skal vere deployerbare, det vil seie organiserte og utrusta for å kunne gjennomføre

operasjonar utanfor NATO-territorium. Dette er krevjande målsetjingar. Arbeidet med dette initiati-

vet held fram, og det skal utviklast tilsvarande målsetjingar for luft- og sjøstridsstyrkar.

6 Vurderingar og framtidsperspektiv

NATO har gjennom året 2004 ytt viktige bidrag til stabilitet og demokrati både på og utanfor det europeiske kontinentet. Utvidinga av alliansen med sju nye medlemsland har ført til eit meir integrert og tryggare Europa. NATO-operasjonane på Balkan, i Afghanistan og Irak har støtta opp om stabilitet og ei demokratisk utvikling i desse områda. Det stadig tettare samarbeidet mellom NATO og eit aukande tal samarbeidsland i Asia, Nord-Afrika og Midtausten viser at alliansen vert oppfatta som eit sentralt instrument for å løyse felles trygging utfordringar.

Men samtidig som NATO gjer ein større innsats og har større tiltrekningskraft enn nokon gong, er alliansen prega av indre spenningar – i første rekkje mellom USA og sentrale europeiske allierte. Bakgrunnen for desse spenningane ligg både i enkeltsaker – i første rekkje Irak – og i meir fundamentale endringar som eit meir diffust trusselbilette og framveksten av eit sterkare og meir sjølvstendig EU.

Ei grunnleggjande utfordring for alliansen er ulike syn på korleis viktige trygging utfordringar bør handterast. USA definerer internasjonal terrorisme – spesielt terrorisme kombinert med masseødeleggingsvåpen – som den heilt overordna trusselen mot seg og dei andre allierte, og ser på militære mottiltak som avgjerande. På amerikansk side meiner ein difor at NATO primært må konsentrere seg om denne utfordringa.

På europeisk side har ein lagt avgjerande vekt på å få fram at internasjonal terrorisme berre kan nedkjempast ved å bruke både politiske, økonomiske, militære og andre verkemiddel.

Parallelt med dette har ein på amerikansk side dei siste åra meir og meir retta merksemda mot land og område som har vist evne og vilje til å støtte USA-leidde operasjonar, uavhengig av alliansetilknytning. I 2004 opplevde vi ei sterkare amerikansk satsing på NATO som trygging politisk hovudinstrument. For USA kan amerikansk-leidde operasjonar med basis i «koalisjonar av villige» også i framtida kunne vere attraktive alternativ. Det vil i så fall føre til at dei europeiske allierte og NATO i seg sjølv får mindre å seie.

Ei tredje hovudutfordring gjeld den endra ba-

lansen i alliansen etter kvart som EU viser større ambisjonar og vilje til å spele ei meir sjølvstendig og aktiv rolle på det forsvars- og trygging politiske området. Dynamikken i EU-samarbeidet er stor på dette feltet.

I mange europeiske hovudstader synest det i dag enklare å sikre politisk og økonomisk støtte til militære tiltak i regi av EU enn det er å få dekt tilsvarande behov innanfor NATO. Det stadig tettare trygging politiske samarbeidet EU-landa imellom vil kunne få vesentlege konsekvensar for NATO dersom det ikkje vert utforma gode samarbeidsordningar mellom dei to organisasjonane.

For tida går utviklinga i dette samarbeidet saktare enn ein kunne ønskje, både fordi enkelte EU-land prøver på å avgrense dialogen med NATO for å verne om det trygging politiske samarbeidet i EU, og fordi NATO-landa ikkje kan einast om kva for nokre EU-land ein slik dialog skal omfatte og kor breitt samarbeidet skal vere.

For Noreg som ikkje-EU-medlem er det viktig at det aktive NATO-engasjementet frå amerikansk side held fram, og at den breie transatlantiske dialogen innanfor alliansen vert vidareført. Frå norsk side vil vi framleis arbeide for å styrkje NATO som sentralt forum for trygging- og forsvarspolitiske konsultasjonar mellom dei allierte. Vi vil vidare arbeide for eit breiast mogeleg samarbeid mellom NATO og EU.

Afghanistan vil vere ein hovudprioritet for alliansen i lang tid framover. Hovudutfordringane det kommande året vil vere å få utplassert PRT-lag og støttebasar for desse i den vestlege og etter kvart også den sørlege delen av landet, å støtte ei trygg gjennomføring av parlamentsvala og å vere med på å lære opp afghanske tryggingssstyrkar. Parallelt med desse og andre trygging relaterte tiltak vil det framleis vere avgjerande å yte økonomisk og anna støtte til afghanske styresmakter slik at dei kan føre ein meir effektiv kamp mot narkotikaproduksjonen og sjølv ta leiinga i gjenreisinga av landet.

Det uformelle NATO-toppmøtet 22. februar i år viste at alle allierte er innstilte på å vere med på oppbygginga av eit demokratisk og stabilt Irak, også ved å delta i NATOs treningsmisjon. Ei slik

alliert semje når det gjeld Irak er positiv for samhaldet i alliansen. NATO vil no gå vidare i utbygginga av treningsmisjonen i tråd med Istanbul-vedtaket. Frå irakisk side er NATO-innsatsen høgt verdsett.

Etter avviklinga av SFOR i Bosnia-Hercegovina i desember 2004 er NATO-engasjementet på Balkan no i hovudsak knytt til Kosovo. Det er brei semje om at styrkenivået i KFOR skal oppretthaldast inntil vidare i lys av dei mange usikre faktorene når det gjeld den tryggingsmessige og politiske utviklinga i provinsen. Det er vidare semje om at alliansen i tillegg til å drive militær stabilisering også må spele ei meir politisk rolle i Kosovo, mellom anna til støtte for FN-innsatsen. Utover KFOR-operasjonen vil truleg utviklinga i det politiske samarbeidet med Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina, og med dei tre kandidatlanda (Kroatia, Makedonia og Albania), stå høgt på saklista i NATO også i 2005.

Tilhøvet til partnerlanda vil truleg komme til å stå endå meir sentralt i tida framover. Samarbeidet med landa i Sentral-Asia og Kaukasus er i ferd med å bli styrkt både praktisk og politisk. Noreg vil framleis leggje særleg vekt på å utvikle kontakten med dei meir avanserte partnerlanda, i første rekke Sverige og Finland, både fordi vi har mange av dei same tryggingsutfordringane og fordi desse landa yter viktige bidrag til NATO-leidde operasjonar.

NATO-Russland-rådet har siste året utvikla seg på ein positiv måte både når det gjeld praktisk samarbeid og politiske konsultasjonar. Utviklinga i NRC-samarbeidet har også ein positiv innverknad på det tosidige tilhøvet mellom Noreg og Russland. Frå norsk side vil vi arbeide aktivt for å vidareutvikle dette samarbeidet, og vil mellom anna drøfte vanskelegare politiske saker og leggje til rette for samarbeid om konkrete operasjonar.

I NATO-samarbeidet med Ukraina må eit langsiktig perspektiv leggjast til grunn. Etter valet i desember 2004 og møtet mellom president Jushtsenko og stats- og regjeringssjefane i NATO i februar 2005 er det likevel lagt eit godt grunnlag for

eit nærare samarbeid. Kor fort og kor mykje Ukraina kan nærme seg NATO, vil først og fremst vere avhengig av ukrainsk framgang når det gjeld å etterleve vestlege prinsipp og standardar.

Ikkje minst etter toppmøtet i NATO i februar i år synest det klart at alliansen i tida framover vil komme til å leggje stadig større vekt også på samarbeidet med landa i Midtausten-regionen. I denne samanhengen vil også samarbeid mellom NATO og den palestinske sjølvstyremakta kunne bli aktuelt. Dette er noko Noreg ser positivt på. Vi ønskjer å medverke til at NATO, i nær kontakt med palestinske styresmakter, ser nærare på kva rolle organisasjonen kan spele.

Arbeidet med å tilpasse NATO til dei nye tryggingsutfordringane held fram, men trass i god framgang er det framleis stor avstand mellom ambisjonar og ressursar. Å redusere dette gapet vil vere av dei største utfordringane til alliansen også i åra som kjem. Dette vil ikkje berre vere eit spørsmål om militær omforming, men vel så mykje om politisk semje om operasjonar og oppgåver og om vilje til å finansiere slike operasjonar.

For at NATO framleis skal kunne vere den sentrale organisasjonen for tryggingssamarbeid i det transatlantiske området, er det såleis avgjerande at alliansen utviklar seg vidare både når det gjeld militære ressursar og politisk samhald. Noreg vil i åra som kjem yte solide bidrag på begge desse områda. Dei tryggingspolitiske utfordringane vi står overfor, kan berre møtast ved å finne løysingar som alle allierte kan identifisere seg med. Dette vil krevje reelle konsultasjonar og stor fleksibilitet på begge sider av Atlanterhavet.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. april 2005 om samarbeidet i NATO i 2004 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Fråsegn gjeve av stats- og regjeringssjefane frå det uformelle toppmøtet i Det nordatlantiske rådet, Brussel 22. februar 2005**

Vi, dei 26 stats- og regjeringssjefane i medlemslanda i Atlanterhavsalliansen, stadfestar den varige verdien av det transatlantiske sambandet, fornyar forpliktinga vår til kollektivt forsvar og står samla om forpliktinga vår til felles tryggleik og fellesverdiane demokrati, fridom, fridom for enkeltmennesket og rettstryggleik når vi drøftar dagens trygging utfordringar. Vala som nyleg vart haldne i Afghanistan, Irak, dei palestinske territoria og Ukraina, har endå ein gong vist, under ulike tilhøve, at desse verdiane har ein plass i vonene til folk i heile verda.

Afghanistan har kome eit langt stykke vidare når det gjeld å byggje ein stabil, demokratisk og fleiretnisk stat. Til støtte for regjeringa utvidar NATO ISAF-operasjonen sin til den vestlege delen av Afghanistan og vil stille ytterlegare styrkar til rådvelde ved det komande valet på nasjonalforsamling. Vi vil halde fram med utvidinga til resten av landet og betre samarbeidet og samordninga med operasjon Enduring Freedom med sikte på å oppnå større synergi og å integrere dei to operasjonane betre.

Det irakiske folket har vist eit enormt mot når det gjeld å skape si eiga framtid ved valurnene. Vi stadfestar Iraks suverenitet, einskap og territoriell integritet og står samla om forpliktinga vår til å støtte irakarane og den nyvalde regjeringa deira i arbeidet med å byggje eit inkluderande demokrati og ein trygg nasjon. I samsvar med tryggingrådsresolusjon 1546 medverkar alle 26 allierte i NATO oppdraget med å lære opp irakiske tryggingstyrkar for å framskande den dagen då dei kan ta fullt ansvar for stabiliteten i landet og tryggleiken til borgarane.

Vi står fast ved forpliktinga vår til stabilitet på Balkan og ser framtida til denne regionen fast forankra i det euroatlantiske samfunnet. NATO vil føre vidare det sterke nærværet sitt i Kosovo og

medverke til den FN-leidde politiske prosessen med å byggje eit fleiretnisk, fredeleg og velståande samfunn.

Middelhavsdialogen og Istanbulinitiativet viser seg å vere effektive verkty for å styrkje samråd og å utvikle gjensidig gagnlege tilhøve og samarbeid om felles tryggingsspørsmål med statar i middelhavsområdet og det utvida Midtausten. Vi ønskjer velkomne dei nylege positive utviklingstrekk i dialogen mellom Israel og Den palestinske styremakta, og vi ventar at dei vil gagne både heile regionen og desse initiativa.

Vi aktar å utvikle vidare den strategiske partnerskapen vår med EU. Eit sterkare EU vil styrkje tryggleiken vår ytterlegare. Vi vil betre samarbeidet med Dei sameinte nasjonane og med andre internasjonale organisasjonar i vår felles innsats. Vi vil halde fram det nære samarbeidet med Russland, innanfor ramma av NATO-Russland-rådet, og med partnerane og venene våre for å drøfte felles trugsomål mot tryggleiken vår.

Vi hadde møte med president Jusjtsjenko og gratulerte det ukrainske folket med forpliktinga deira til demokrati og rettstryggleik. Vi lovde framleis støtte og ønskte velkomne vonene deira om å byggje eit demokratisk og velståande Ukraina og styrkje integreringa i det euroatlantiske samfunnet.

Vi er fastrådde på å nedkjempe terrorismen, styrkje tryggleiken og byggje fred og stabilitet i og utanfor det euroatlantiske området. Vi vil ytterlegare omdanne alliansen og alliansen si evne til å svare på våre felles trygging utfordringar. Vi er forplikta til å styrkje NATO si rolle som eit forum for strategisk og politisk samråd og samordning mellom allierte samtidig som vi stadfestar NATO sin plass som det viktigaste forumet for tryggingssamråd mellom Europa og Nord-Amerika.

Vedlegg 2**Sluttkommuniké frå utanriksministermøtet i Det nordatlantiske rådet i Brussel 9. desember 2004**

I dag vurderte vi framdrifta i gjennomføringa av vedtaka på Istanbul-toppmøtet, drøfta dei viktigaste tryggingssituasjonane som alliansen står overfor, og vedtok tiltak for å styrkje allianseoperasjonane. Vi stadfestar den varige verdien av det transatlantiske sambandet og av NATO som grunnlaget for det kollektive forsvaret vårt og det viktigaste forumet for tryggingssamarbeid mellom Europa og Nord-Amerika for å forsvare vår felles tryggleik og felles verdiar. Vi fordømmer sterkt terrorisme, same kva motivet for han er og same kva form han har, og vil nedkjempe han saman så lenge som det krevst.

Å medverke til fred, stabilitet og demokrati i Afghanistan, gjennom den FN-mandaterte, NATO-leidde internasjonale tryggingssstyrken, er framleis den høgast prioriterte oppgåva til alliansen. Vi ønskjer velkomen framgangen som alt er gjort for å gjennomføre vedtaket vårt om å utvide ISAF-nærværet til dei vestlege delane av landet, og er fasttåtte på å akselerere denne utvidinga for å hjelpe den afghanske regjeringa med å møte utfordringane kring nasjonalforsamlingsvalet, som det er planlagt skal haldast neste vår. Som ved presidentvalet 9. oktober vedtok vi òg å gje ekstra støtte ved nasjonalforsamlingsvalet. Engasjementet vårt, inn- anfor mandatet til ISAF og i samarbeid med andre internasjonale organisasjonar og operasjon Enduring Freedom, er avgjerande for å hjelpe og oppmuntre den afghanske regjeringa til å betre tryggleiken til det afghanske folket og til å møte utfordringane med narkotikahandel, med opprørarar og med avvæpning av alle lokale militsar og samtidig gjennomføre atterreising, institusjonsbygging og nasjonal forsoning. Vi står klare til å halde fram dette engasjementet etter den noverande Bonn-prosessen.

Kosovo er inne i ein kritisk periode. Vi oppmodar alle samfunn i Kosovo til å delta i institusjonane der og til å ta sin del av ansvaret for å byggje ei betre, felles framtid. Kosovo, og særleg dei mellombelse sjølvstyreinstitusjonane, må gjere konkret framgang for å oppfylle standardane som er fastsette av det internasjonale samfunnet; denne

framgangen vil verte gjennomgått neste år. Ettersom tryggingssituasjonen framleis er skjør, har vi vedteke at KFOR skal halde ved like sin operative kapasitet til vi finn at betre tryggleik og politiske omstende tillèt ei endring. Ein robust KFOR-styrke vil framleis medverke effektivt til eit trygt, stabilt og fleiretnisk Kosovo på grunnlag av tryggingssrådsresolusjon 1244. Vi vil òg framleis samarbeide nært med andre aktørar frå det internasjonale samfunnet, særleg UNMIK, OSSE og Den europeiske unionen. Vi er samde om at NATO bør vere engasjert ikkje berre operasjonelt i regionen, men òg politisk, mellom anna ved å delta i Kontaktgruppa Pluss.

Som vi vart samde om i Istanbul, står vi framleis samla om vår støtte til det irakiske folket og tilbyr den irakiske interimregjeringa fullt samarbeid når ho prøver å styrkje den indre tryggleiken og leggje grunnlaget for val på nasjonalforsamling i 2005. I samsvar med tryggingssrådsresolusjon 1546 og på oppmoding frå den irakiske interimregjeringa hjelper vi regjeringa ved å gje opplæring og ved å hjelpe til med å utstyre tryggingssstyrkane til interimregjeringa, slik at Irak kan ta på seg fullt ansvar for sin eigen tryggleik så snart som råd. Oppdraget vårt er ulikt, men utfyller likevel andre internasjonale innsatsar. Vi har alt byrja opplæring både i og utanfor landet, og har i dag vorte samde om å forbetre hjelpa vår. Denne forbetra støtta vil mellom anna bestå i å hjelpe regjeringa med å opprette opplærings-, utdannings- og doktrinesenteret utanfor Bagdad, og i å samordne tilboda om utstyr frå NATO-nasjonar og andre land som svar på irakiske oppmodingar. Vi støttar framleis Polen si leing av den fleirnasjonale divisjonen i det sørlege Midt-Irak.

NATOs langsiktige forplikting til Bosnia-Hercegovina er framleis like sterk. SFOR-oppgavet vårt i dette landet, som er Alliansens aller første fredstryggjande operasjon, er no avslutta på ein vellukka måte. Den europeiske unionen si overtaking av hovudrolla for fredsstabiliseringa med sin operasjon Althea, grunna på Berlin Pluss-ordningane, er ein milestein når det gjeld å utvikle

tilhøvet mellom NATO og EU. Eit ganske stort NATO-hovudkvarter i Sarajevo gjev råd om forsvarsreform og gjennomfører dei attståande operative støtteoppgåvene sine i samarbeid med EU som skissert tidlegare.

Vi stadfestar støtta vår til den territorielle integriteten og suvereniteten til alle landa på Vest-Balkan og er framleis forplikta til utviklinga av ein fredeleg, stabil og demokratisk region som er fullt ut integrert i euroatlantiske strukturar. Desse landa må framleis samarbeide i sin eigen region og fremje gode grannetilhøve, finne løysingar som er akseptable for alle, og inngå avtalar om attståande spørsmål. Dei må gjere reformprosessen til sin eigen og byggje varige fleiretniske demokrati, nedkjempe organisert kriminalitet og korrupsjon og sikre rettstryggleiken. Dei må òg samarbeide fullt ut med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY), mellom anna ved å stille for retten i Haag alle dei som er tiltala av domstolen, først og fremst Radovan Karadzic og Ratko Mladic men òg Ante Gotovina, slik tryggingrådsresolusjon 1503 og 1534 krev. I denne samanhengen ser vi med stor uro på den siste vurderinga som Tryggingrådet i FN har fått frå aktør ved ICTY om korleis vedkomande land samarbeider med henne.

Vi oppmodar Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro om å gjere ytterlegare framgang når det gjeld å oppfylle dei fastsette vilkåra for medlemskap i Partnerskap for fred (PfP). Vi meiner framleis at trygging- og lovhandhevingsstrukturene i Bosnia-Hercegovina må gjerast betre, slik det vart kravd i Istanbul. Sjølv om Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro har gjort litt framgang sidan Istanbul med omsyn til forsvarsreform, oppfyller ingen av landa dei internasjonale forpliktingane dei har til å samarbeide fullt ut med ICTY. Vi deler den uroa som Høgrepresentanten for Bosnia-Hercegovina nyleg gav uttrykk for, om at dei i Republika Srpska framleis ikkje oppfyller forpliktingane sine, mellom anna etter Dayton/Paris-avtala. Sjølv om vi står klare til å føre ein politisk dialog med begge landa om alle aspekt ved tilhøvet vårt og til å ta dei med i utvalde PfP-aktivitetar, vil vi først handsame søknadene deira om medlemskap i PfP etter at dei har oppfylt dei fastsette vilkåra.

Vi ønskjer velkomen framgangen som Albania, Kroatia og den tidligare Jugoslaviske republikken Makedonia har gjort når det gjeld gjennomføringa av dei nasjonale årsplanane i handlingsplanen for medlemskap, og oppmuntrar dei til å halde fram arbeidet med reformene som krevst på vegen til NATO-medlemskap.

Vi er takksame mot partnerlanda vår for at dei framleis yter tilskot til operasjonane våre. Vi ønskjer velkomen responsen frå mange av partnarlana våre på dei nye opningane for samarbeid med NATO som vart avtala på Istanbul-toppmøtet, mellom anna partnerskapshandlingsplanen for bygging av forsvarsinstitusjonar, og framgangen som er gjort når det gjeld å inngå individuelle handlingsplanar for partnerland. Vi ønskjer velkomen at Generalsekretæren oppnemnde ein spesialrepresentant for Sentral-Asia og Kaukasus, og er i gang med å oppnemne NATO-sambandsmenn i desse regionane. Vi ønskjer å styrkje den euroatlantiske partnerskapen ytterlegare og ser fram til det første EAPC-tryggingforumet i Sverige i mai 2005 som eit viktig nytt steg i samarbeidet vårt.

Vi er fastrådde på å byggje på den aukande politiske dialogen og det sterkare praktiske fokuset på samarbeid mellom NATO og Russland innanfor ramma av NATO-Russland-rådet. Vi oppmuntrar til snarleg russisk tilmelding til PfP-avtala om status for styrkane. Vi ønskjer velkomen at det er semje om NATO-Russland-rådets handlingsplan mot terrorisme og Russlands støtte til operasjonen Active Endeavour, NATOs maritime operasjon i Middelhavet som tek sikte på å medverke til å førebyggje, stanse og forsvare og verne mot terrorisme.

Vi tek opp att forpliktinga vår til CFE-avtala som ein hjørnestein i europeisk tryggleik og til ei snarleg iverksetjing av den tilpassa avtala, som tillet tilmelding av nye statspartar. Vi minner om at oppfylling av dei attståande Istanbul-forpliktingane med omsyn til republikken Georgia og republikken Moldova vil gjere det mogleg for allierte og andre statspartar for å gå vidare mot ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtala. Gitt mangelen på framgang i 2004 når det gjeld tilbaketrekking av russiske militære styrkar frå republikken Moldova, er det viktig at innsatsen for å fullføre tilbaketrekkinga så snart som råd vert intensivert. Vi bed om at det vert teke opp att substansielle forhandlingar mellom Georgia og Den russiske føderasjonen om å løyse dei attståande spørsmåla i samband med felleserklæringa deira frå Istanbul av 17. november 1999.

Vi legg særleg vekt på tilhøvet mellom NATO og Ukraina slik det vart stadfesta i Istanbul, og følgjer nært utviklinga i landet. Vi oppmodar alle partar til å raskt gjennomføre vallovreformen, som vart vedteken av Verkhovna Rada og underskriven av president Kutsjma 8. desember, og til å sikre at den nye gjennomføringa av den andre runden av presidentvalet 26. desember blir rettferdig, og at resultatet nøyte speglar viljen til det ukrainske fol-

ket utan innblanding i indre tilhøve i landet. Vi støttar sjølvstendet, suvereniteten og den territoriale integriteten til Ukraina og oppmodar alle sider til å unngå vald og til å fremje demokrati. Dei ukrainske styremaktene har eit særleg ansvar i denne samanhengen.

I går feira vi tiårsdagen for Middelhavsdialogen og heldt det aller første møtet på ministernivå med middelhavspartnarane våre. Vi ønskjer velkomen og deler deira interesse i å skape ein meir ambisiøs og utvida partnerskap ved å utdjupe det politiske samrådet og praktiske samarbeidet vårt i ei ånd av felles eigarskap og inklusivitet. Vi set pris på interessa som fleire middelhavspartnarar har vist for å støtte operasjonen Active Endeavour.

Vi ønskjer velkomen den veksande interessa som ei rekkje land i Golfsamarbeidsrådet har vist for Istanbulinitiativet. Vi ser fram til å byggje til-

høve med interesserte land i ei ånd av felles eigarskap og til å utvikle og gjennomføre, saman med dei, arbeidsplanar som fokuserer på dei områda der NATO kan tilføre verdi, på grunnlag av avtala vår i Istanbul.

Støtta frå nasjonalforsamlingane våre er framleis avgjerande for gjennomføringa av agendaen til Alliansen. Vi applauderer fellesmøtet av parlamentarikarforsamlinga i NATO i plenum og Det faste nordatlantiske rådet i Venezia i november.

På Istanbul-toppmøtet la leiarane i alliansen fram eit breitt program for omdanning. Vi ønskjer velkomen det pågåande arbeidet med å føre det vidare, mellom anna ved å forbetre NATO-leiinga og finansieringsordningar. Vi er òg takksame mot regjeringa i Belgia for å leie bygginga av det nye NATO-hovudkvarteret, som vil verte ein høveleg stad å føre vidare arbeidet til alliansen i framtida.

Vedlegg 3**Fråsegn frå utanriksministtermøtet i NATO-Russland-rådet i Brussel 9. desember 2004**

Vi, utanriksministrane i NATO-Russland-rådet (NRC), møttest i Brussel 9. desember 2004. Vi ønskte velkomen den markante framgangen som er oppnådd når det gjeld å gjennomføre vedtaka som vart gjorde på det siste møtet vårt 28. juni 2004 i Istanbul, og tok opp att at vi er fastrådde på å byggje på det solide grunnlaget vi har lagt, ved å søkje stadig større høve til å intensivere den politiske dialogen vår og utvikle vidare det praktiske samarbeidet vårt i same ånd som i Roma-erklæringa frå mai 2002. Vi merka oss og var nøgde med at samarbeidet i NATO-Russland-rådet får ein stadig meir praktisk og operativ karakter. Vi understreka trongen for å utvikle vidare evna vår til å arbeide saman på konkrete måtar for å svare raskt og effektivt på stadig fleire trugsmål mot tryggleiken og velferda til folka våre, og lovde endå ein gong å medverke til tryggleiken til alle i det euroatlantiske området.

Vi heldt fram det politiske samrådet som har vore ført i 2004 om situasjonen i Afghanistan, på Balkan, i Georgia og i Irak, og utveksla synspunkt på internasjonale tryggingsspørsmål.

Med omsyn til situasjonen i Ukraina merka vi oss tiltaka som er gjorde av alle partar for å få ei løysing på den politiske krisa i samsvar med rettsstatlege prinsipp og Ukrainas konstitusjonelle normer. Vi oppmoda alle partar til å halde fram med å unngå å bruke eller eggje til vald, å late vere å skremme veljarane og å arbeide for å sikre ein rettferdig valprosess som speglar viljen til det ukrainske folket. Vi tok opp att støtta vår til sjølvstendet, suvereniteten, den territorielle integriteten til og demokratiet i Ukraina. Dette er avgjerande for den felles og udelelege tryggleiken og stabiliteten til alle.

Vi tok opp att at vi står solidariske overfor terrortrugsmålet, og at vi er fastrådde på å styrkje samarbeidet vårt om å førebyggje, nedkjempe og handtere følgjene av terrorhandlingar, i samsvar med FN-pakta, folkeretten og menneskerettane. Vi var glade for å kunne gjere to konkrete vedtak om å omsetje denne politiske viljen i handling. Vi godkjende ein omfattande NRC-handlingsplan mot ter-

rorisme, som vil vere rettleiande for oss i den framtidige innsatsen på alle område i denne felles kampen, og ønskte velkomen at det var semje om dei nærare føresegnene for det russiske bidraget til NATO-operasjonen Active Endeavour i Middelhavet, som tek sikte på å medverke til å førebyggje, stanse og forsvare og verne mot terrorisme. I denne samanhengen merka vi oss og var særleg nøgde med at militære styrkar frå NATO og Russland alt har byrja å bu seg på å tenestegjere side om side i denne operasjonen.

Vi tok opp att at vi er fastrådde på å arbeide for å fremje tryggleik og stabilitet i og rundt Afghanistan, og ønskte velkomen Russlands tilbod om å sørgje for praktisk støtte til den NATO-leidde internasjonale tryggingstyrken (ISAF). Vi gav òg uttrykk for uro over trugsmålet frå narkotikanæringa i Afghanistan, mellom anna at denne er kopla til finansiering av terrorisme. I denne samanhengen merka vi oss rapporten frå leiaren av NRC-seminaret om trugsmål frå handelen med afghansk narkotika, som vart halde i oktober 2004, og godkjende tilrådingane i rapporten og samdest dermed om å prøve å styrkje samarbeidet mellom NATO og Russland på dette området.

Vi merka oss det pågåande arbeidet på området krisehandtering, og særleg den vellukka gjennomføringa av NATO-Russland-prosedyrevinga i september. Samtidig som vi tek omsyn til prinsippa i det allmenne konseptet for felles fredstryggjande operasjonar mellom NATO og Russland, er vi fastrådde på å finne høvelege måtar å utvikle og byggje på erfaringane frå denne øvinga på, for å sikre at eventuelle framtidige felles fredstryggjande operasjonar vert vellukka.

Vi var særleg nøgde med å merke oss at samarbeidet mellom dei militære styrkane våre framleis betrar seg, og at det vart vedteke ein ambisiøs arbeidsplan for 2005 og utetter, som skal vere ei rettesnor i det framtidige arbeidet til militære representantar frå NATO-Russland-rådet. I tillegg til å styrkje samvirkeevna hjå styrkane våre, gjer slik innsats òg sitt til å byggje opp den gjensidige forståinga og tilliten som krevst i ein meningsfull og

berekraftig partnerskap. Vi understreka verdien av NRC-samarbeid om forsvarsreform og ønskte velkommen avtala som vart inngått i oktober 2004 av forsvarsministrane i NRC om ei første ramme for politisk-militær rettleiing om betre samvirke mellom russiske styrkar og NATO-styrkar. I denne samanhengen såg vi fram til snarleg russisk tilmelding til PfP-avtala om status for styrkane, noko som ville gjere det lettare å intensivere felles opplæring og andre former for praktisk samarbeid.

Vi samdest om å byggje på den vellukka øvinga i sivil krisevernebuing «Kaliningrad 2004» i juni 2004 ved å utarbeide eit felles øvingsprogram på dette området og å utvikle vidare det ungarsk-russiske initiativet om sivil vernebuingsplanlegging og respons. Vi ønskte òg velkommen den vellukka «Avariya 2004», feltdemonstrasjonen på responsprosedyrer ved kjernevåpenulykker/-hendingar, som Den russiske føderasjonen var vertskap for i august 2004, og tilbodet frå Storbritannia om å vere vertskap for eit liknande arrangement i september 2005.

Vi merka oss framgangen i den pågåande innsatsen vår for å utvide og styrkje samarbeidet om å evaluere og svare på trugsmål frå spreiging av masseødeleggingsvåpen og utskytningsmiddel for desse. Vidare vedtok vi å starte praktisk samarbeid om vern mot ABC-stoff. Vi ser fram til ein full

rapport hausten 2005 om resultatet av fokuserte ekspertdrøftingar av konkrete høve for slikt samarbeid.

Til slutt minte vi om alle relevante fråsegner, stadfesta fråsegna av 4. juni 2003 frå utanriksministrane i NATO-Russland-rådet i Madrid og minte om NATOs haldning når det gjeld å gje politiske forsikringar om atterhald. Vi stadfesta òg at etterleving av avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE) er ein hjørnestein i europeisk tryggingsspolitikk. Vi stadfesta at vi er fastrådde på å oppfylle forpliktingane som er nedfelte i sluttakta frå konferansen i 1999 mellom partane i CFE-avtala. Vi oppmoda alle partane i CFE-avtala til å arbeide for at dette felles målet vert oppnådd og samdest om å halde fram å samarbeide med sikte på å få alle avtalepartane til å ratifisere den tilpassa CFE-avtala og å få avtala sett i kraft, noko som vil gje statar som ikkje er med i CFE-avtala, høve til å tiltre. Vi ønskte velkommen tilnærminga frå dei fire ikkje-CFE-medlemsstatane, som har uttrykt at dei aktar å be om tilmelding til den tilpassa CFE-avtala når ho trer i kraft, og samdest om at tilmelding av desse medlemsstatane vil gje eit viktig tilskot til europeisk stabilitet og tryggleik. Vi stadfesta at vi står klare til å byrje å arbeide på området rustingskontroll og tillitsskapande tiltak.

Vedlegg 4**Sluttkommuniké frå toppmøtet i Istanbul framlagd av stats- og regjeringssjefane 28. juni 2004**

1. Vi, stats- og regjeringssjefane i medlemslanda i Atlanterhavsalliansen, stadfesta i dag den varige verdien av det transatlantiske sambandet og av NATO som grunnlaget for det kollektive forsvaret vårt og det viktigaste forumet for tryggingssamråd mellom Europa og Nord-Amerika. Dei 26 nasjonane våre står samla om demokrati, fridom for enkeltmennesket og rettstryggleik og er trufaste mot føremåla og prinsippa i FN-pakta. Vi er inspirerte av den felles visjonen som er nedfelt i Washington-traktaten og sluttar framleis fullt opp om det kollektive forsvaret av våre folk, territorium og styrkar. Transatlantisk samarbeid er avgjerande for forsvaret av verdiane våre og for å møte felles trugsmål og utfordringar frå alle hald.
2. På det siste toppmøtet vårt, i Praha i 2002, samdest vi om å omdanne alliansen vår med nye medlemer, ny kapasitet og nye tilhøve til partnarane våre. For berre nokre få månader sidan slutta sju nye medlemsland – Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia – seg til alliansen vår i den største utvidinga i historia til NATO. I dag, på toppmøtet Istanbul, har vi gjeve denne omdanninga ytterlegare form og retning med sikte på å tilpasse strukturanne, framgangsmåtane og kapasiteten i NATO til utfordringane i dette hundreåret. Vi understrekar at denne innsatsen ikkje bør oppfattast som eit trugsmål av noko land eller nokon organisasjon. Alliansen vår tek på seg eit breitt spekter av oppdrag, fremjar stabilitet der det trengst for å forsvare tryggleiken vår og verdiane våre.
3. I dag har vi
 - vedteke å utvide den NATO-leidde internasjonale tryggingsstyrken (ISAF) i Afghanistan, mellom anna med fleire regionale stabiliseringslag (PRT) og ved å styrkje støtta vår ved dei komande vala,
 - samdest om å avslutte alliansens vellukka SFOR-operasjon i Bosnia og Hercegovina, og ønskte velkomen at Den europeiske unionen var villig til å utplassere ein ny og klart FN-mandatert kapittel VII-styrke i landet på grunnlag av Berlin Pluss-ordningane, som dei to organisasjonane våre har vorte samde om,
 - stadfesta at eit sterkt KFOR-nærvær framleis er avgjerande for å styrkje tryggleiken og fremje den politiske prosessen i Kosovo ytterlegare,
 - vedteke å styrkje bidraget frå operasjon Active Endeavour, den maritime operasjonen vår i Middelhavet, til kampen mot terrorisme,
 - vedteke å tilby hjelp til regjeringa i Irak med å lære opp tryggingsstyrkane i samvar med den separate fråsegna som vi har lagd fram om Irak,
 - vedteke eit betre sett med tiltak for å styrkje det individuelle og kollektive bidraget vårt til kampen som det internasjonale samfunnet fører mot terrorisme,
 - vedteke å føre vidare omdanninga av den militære kapasiteten vår for å gjere han meir moderne, meir gagnleg og meir mobiliserbar slik at heile spekteret av allianseoppdrag kan utførast,
 - stadfesta at døra til NATO framleis er open for nye medlemer, og oppmuntra Albania, Kroatia og den tidligare Jugoslaviske republikken Makedonia til å halde fram reformene som krevst på vegen til NATO-medlemskap,
 - gjort ei rekkje tiltak for å styrkje den euroatlantiske partnarskapen ytterlegare, særleg ved å setje eit spesielt fokus på samarbeid med partnarane våre i dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia, og
 - vedteke å styrkje Middelhavsdialogen vår og å tilby den utvida midtaustregionen samarbeid gjennom «Istanbulinitiativet».
4. Å medverke til fred og stabilitet i Afghanistan er det NATO prioriterer høgast. NATO's leining av den FN-mandaterte internasjonale tryggingsstyrken viser viljen i Det nordatlantiske rådet til å vedta å setje i verk operasjonar for å

sikre vår felles tryggleik. NATOs mål er å medverke til at Afghanistan vert eit trygt og stabilt land, med ei breitt basert, kjønns sensitiv, fleiretnisk og fullt ut representativ regjering, som er integrert i det internasjonale samfunnet og samarbeider med grannane sine. Å skape og tryggje fred i Afghanistan er avgjerande for velferda til det afghanske folket og for vår felles kamp mot terrorisme. Vi er framleis forplikta til denne saka og lovar å gje ISAF dei styrkane som krevst for at oppdraget vårt i Afghanistan skal kunne gjennomførast på ein vellukka måte.

5. I samråd med dei afghanske styremaktene vil vi halde fram med å utvide ISAF gradvis til heile Afghanistan ved at leiarnasjonane opprettar fleire regionale stabiliseringslag. Vi vil halde fram med å samordne og samarbeide med operasjon Enduring Freedom slik det er høveleg. Ei vellukka gjennomføring av val i heile landet vil verte ein avgjerande milestein i den demokratiske og fredelige utviklinga av Afghanistan. Som svar på president Karzais førespurnad støttar ISAF no veljarregistreringsprosessen og vil gje dei afghanske styremaktene sterkare støtte for å sikre tryggleiken under valet, så langt midlar og kapasitet tillèt. Etter valet bør regjeringa i Afghanistan utarbeide ein framtidsretta plan, som oppfyller visjonen i Bonn-avtala om å fremje nasjonal forsoning, varig fred, stabilitet og respekt for menneskerettane. ISAF har hjelpt til med å avvæpne militsane og å sikre våpen. Bonn-prosessen er på sporet, og legitime politiske institusjonar er i ferd med å utvikle seg. Atterreisingsprosjekt, reformer i tryggingssektoren og andre initiativ gjer dagleglivet lettare for mange menneske. Vi fordømmer sterkt at det skjer stadig fleire åtak på sivile hjelpearbeidarar, som gjev eit verdifullt tilskot til framtida til Afghanistan.
6. Vi oppmodar dei afghanske styremaktene til å gjennomføre nedrustings-, demobiliserings- og reintegreringsprosessen på ein energisk måte, og særleg tilbaketrekkinga av militære einingar frå Kabul og andre byar. Vi vil gje høveleg støtte, innanfor ISAFs mandat, til dei afghanske styremaktene når dei gjennomfører resolute åtgjerder mot produksjon av og handel med narkotika. Vi er budde på å hjelpe den afghanske regjeringa med å byggje ei betre framtid for Afghanistan, saman med operasjon Enduring Freedom, FN-hjelpestyrken til Afghanistan, Den europeiske unionen og andre internasjonale organisasjonar i området. Vi oppmodar òg grannane til Afghanistan til å

medverke i denne innsatsen i samsvar med ønska til dei afghanske styremaktene. Vi rosar Canada for den rolla landet spelar i ISAF, og ser fram til den framtidige rolla til Eurocorps.

7. Tryggingssituasjonen i den strategisk viktige regionen Balkan er stabil, men er framleis skjør. Alliansen er framleis forplikta til fred og stabilitet på Balkan og den territorielle integriteten og suvereniteten til alle landa i regionen. Vi vil vere forplikta fram til fred og tryggleik er fast etablert, og progressiv integrering av alle Balkan-land i euroatlantiske strukturar er oppnådd. Alle land i regionen må sjølv ta ansvaret for og gjennomføre naudsynte reformer. Nærare samarbeid i deira eigen region vil medverke til å fremje stabilitet og velstand. Sjølv om vi ønskjer velkomen ei betring i samarbeidet med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY), der det har hendt, understrekar vi at alle land som det gjeld, må samarbeide fullt ut med ICTY, og særleg stille for retten alle dei som er tiltala av domstolen, først og fremst Radovan Karadzic og Ratko Mladic men òg Ante Gotovina, slik tryggingrådsresolusjon 1503 og 1534 krev.
8. Ettersom tryggingssituasjonen i Bosnia og Hercegovina har utvikla seg positivt, har vi vedteke å avslutte alliansens vellukka SFOR-operasjon i år. Vi ønskjer velkomen at Den europeiske unionen er villig til å utplassere ein ny og klart FN-mandatert robust kapittel VII-styrke i landet på grunnlag av Berlin Pluss-ordningane, som dei to organisasjonane våre har vorte samde om, og ser fram til eit nært samarbeid framleis. NATOs langsiktige politiske forplikting til Bosnia og Hercegovina er framleis uendra, og det nye NATO-hovudkvarteret vil vere NATOs einaste militære nærvær i landet. NATO-hovudkvarteret i Sarajevo, som har som hovudoppgåve å gje råd om forsvarsreformer, vil òg ha visse operative støtteoppgåver, til dømes antiterrorisme og samtidig sikre styrkevern; å støtte ICTY, så langt midlar og kapasitet tillèt, med omsyn til fengsling av personar som er tiltala for krigsbrottsverk; og deling av etterretningsinformasjon med EU. Dayton/Paris-avtala gjeld framleis som grunnlaget for fred og stabilitet i Bosnia og Hercegovina.
9. I Kosovo er eit robust KFOR-nærvær framleis avgjerande for å styrkje tryggleiken og fremje den politiske prosessen ytterlegare. Vi stadfestar forpliktinga vår til eit trygt, stabilt og fleiretnisk Kosovo på grunnlag av full gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1244, den avtala standardar for status-politikken og mekanis-

- men for gjennomgang av standardar. Vi fordømmer sterkt valdsutbrotet som medførte tap av liv, og øydelegginga av religiøse minnesmerke og kulturminnesmerke i mars 2004, og vil ikkje tolerere nokon slike handlingar som tek sikte på å undergrave den politiske prosessen. Vi oppmodar alle partar til å skunde på atterreisninga og å skape tilhøve for sikker tilbakesending av fordrivne personar. Vi oppmodar sterkt alle samfunn til å arbeide konstruktivt for å oppfylle dei internasjonalt støtta standardane, å gå inn i dialog på alle plan og å delta i lokale samfunnsinstitusjonar. Vi oppmodar dei òg til å gjennomføre og delta i vala i oktober på ein rettferdig og fredeleg måte. Vi ønskjer velkome at FN's generalsekretær har oppnemnd Søren Jessen-Petersen som sin spesialrepresentant i Kosovo. For å skunde på framgangen vil NATO halde fram med å samarbeide med FN, EU, OSSE og andre internasjonale organisasjonar, samt kontaktgruppa, ved mellom anna å vere til stades på møta i gruppa, ettersom det høver.
10. NATOs maritime overvåkings- og eskorteoperasjon, operasjon Active Endeavour, demonstrerer at alliansen er viljefast og evnar å svare på terrorisme. I mars i år vart operasjonen utvida til heile Middelhavet. Det vert no arbeidd med å ytterlegare styrkje tilskotet frå denne operasjonen til kampen mot terrorisme, mellom anna ved tilskot frå partnerlanda, mellom andre landa i Middelhavsdialogen. Vi ønskjer velkomne tilboda om støtte frå Russland og Ukraina og har invitert begge landa til å drøfte dei nærare vilkåra for deltaking frå deira side. Alle slike tilbod om støtte, mellom anna frå andre interesserte land, vil verte vurderte konkret i kvart einskilt tilfelle. Ved gjennomgang av oppdraget til operasjon Active Endeavour kan NATO vurdere å ta for seg, i samsvar med folkeretten, faren for terrorrelatert handel med eller bruk av kjernefysiske, kjemiske og biologiske våpen, utskytningssmiddel for desse og tilknytt materiale.
 11. Vi fordøyrar alle lands menn og kvinner som gjer teneste i NATO-leidde operasjonar for deira profesjonalisme og truskap i kampen for fred og tryggleik. Vi forstår kor mykje resultatet av operasjonane våre er avhengig av dei banda som desse mennene og kvinnene knytter med regjeringar og folk i dei ulike operasjonsområda. Vi er djupt takksame for det dei har ofra dei som har mist livet eller vorte skadde under oppdrag, og uttrykkjer vår djupe medkjensle med familiane deira og pårørande.
 12. Terrorismen og spreiding av masseødeleggingsvåpen og utskytningssmiddel for desse er no viktige trugsmål mot og utfordringar for Alliansen og internasjonal tryggleik.
 13. Vi fordømmer sterkt terrorisme, same kva motivet for han er og same kva form han har, og vil saman kjempe mot han så lenge det krevst. Alliansen gjev reaksjonen mot terrorisme ein avgjerande transatlantisk dimensjon, som krev at Nord-Amerika og Europa samarbeider så nært som det er råd. Vi er forplikta til å halde fram kampen mot terrorisme i alle former, i samsvar med folkerettslege føresegner og prinsippa til FN. Tilnærminga vår til terrorisme og årsakene til terrorisme omfattar full gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1373 om kampen mot terrorisme og vil framleis ta mange former og vere omfattande, med mellom anna politiske, diplomatiske, økonomiske og, om det krevst, militære middel. At det framleis vert gjort terrorhandlingar, mellom anna i Istanbul i fjor og i Madrid i mars i år, har vist at terrorisme framleis utgjer eit akutt trugsmål i heile verda. Forsvaret mot terrorisme kan omfatte aktivitetar ved NATOs militære styrkar, grunna på vedtak gjorde i Det nordatlantiske rådet, for å førebyggje, stanse og forsvare og verne mot terroråtak, eller trugsmål om åtak, styrt frå utlandet, mot folket, territoriet, infrastrukturen og styrkane til ein medlemsstat, mellom anna ved å gjere tiltak mot desse terroristane og dei som husar dei. Difor har vi i dag samdest om eit betre sett med tiltak for å styrkje det individuelle og kollektive tilskotet vårt til kampen som det internasjonale samfunnet fører mot terrorisme, mellom anna trongen for å hindre at terroristar skaffar seg masseødeleggingsvåpen. Desse tiltaka omfattar
 - betre deling av etterretningsinformasjon mellom nasjonane våre, mellom anna gjennom etterretningseininga mot terroristtrugsmål, og ein gjennomgang av etterretningsstrukturane i NATO-hovudkvarteret,
 - betre evne til å svare raskt på nasjonale oppmodingar om hjelp til vern mot og handtering av følgjene av terroråtak, mellom anna åtak med kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen, og, i denne samanhengen, framleis sterk støtte til den fleirnasjonale NATO-bataljonen til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen,
 - hjelp til vern av utvalde større arrangement, mellom anna med NATO-fly for tidleg varsling og kontroll,

- styrkt tilskot til kampen mot terrorisme frå operasjon Active Endeavour,
 - framleis sterk innsats gjennom operasjonane våre på Balkan og i Afghanistan for å medverke til å skape tilhøve som ikkje gjev grobottn for terrorisme,
 - betre kapasitet til forsvar mot terroråtak, mellom anna ved hjelp av arbeidsprogrammet for å utvikle nye, avanserte teknologiar, og
 - auka samarbeid med partnarane våre, mellom anna ved gjennomføring av handlingsplanen for sivil vernebuing og partnerskaps-handlingsplanen mot terrorisme, og med andre internasjonale og regionale organisasjonar, mellom anna ved å aktivt søkje samråd og informasjonsutveksling med Den europeiske unionen.
14. Alliansens politikk om støtte til våpenkontroll, nedrusting og ikkje-spreiing vil framleis spele ei stor rolle når det gjeld å nå tryggingsmålsetjingane til alliansen, mellom anna å førebyggje spreiging av masseødeleggingsvåpen og utskytningssjuttel for desse. Vi understrekar verdien av at alle statar etterlever og fullt ut gjennomfører forpliktingane sine til våpenkontroll, nedrusting og ikkje-spreiing og styrkjer gjeldande internasjonale våpenkontroll- og nedrustingsavtalar og fleirsidige ikkje-spreiings- og eksportkontrollordningar. I denne samanhengen vil snarleg tilmelding av alle NATO-medlemar til alle høvelege gjeldande ikkje-spreiingsordningar spele ei positive rolle. I dag
- understrekar vi forpliktinga vår til å styrkje ikkjespreiingsavtala, hjørnesteinen i ikkje-spreiing og nedrusting, og å sikre at alle statar som er part i avtala, etterlever avtala fullt ut,
 - understrekar vi verdien av andre skyldte internasjonale avtalar, mellom anna Konvensjonen om biologiske våpen og toksinvåpen, Konvensjonen om kjemiske våpen og Haag-kodeksen mot missilspreiing,
 - støttar vi sterkt tryggingrådsresolusjon 1540, som oppmodar alle statar til å opprette effektive nasjonale eksportkontrollar, til å vedta og handheve lover som kriminaliserer spreiging, til å gjennomføre samarbeids-tiltak for å hindre at ikkje-statlege aktørar skaffar seg masseødeleggingsvåpen, og til å stanse ulovleg handel med masseødeleggingsvåpen og tilknytt materiale,
 - vedtek vi å styrkje den felles innsatsen vår for å redusere og vareta kjernefysisk og radiologisk materiale,
 - vedtek vi å hindre og avgrense spreiging av masseødeleggingsvåpen og utskytningssjuttel for desse og å samarbeide om å nå desse måla,
 - ønskjer velkome at G8 har vedteke handlingsplanen sin mot ikkje-spreiing, som vart vedteken 10. juni, og
 - ønskjer velkomen oppdaginga og den pågåande etterforskinga av A.Q. Khans spreingsnett.
15. Alliansen understrekar si sterke støtte til måla i initiativet for spreigingstryggjeleik (Proliferation Security Initiative – PSI) og fråsegna om forbodsprinsipp som har som mål å skape eit meir samordna og effektivt grunnlag for å hindre og stanse leveransar av masseødeleggingsvåpen, utskytningssystem og tilknytt materiale som vert transportert til og frå statar og ikkje-statlege aktørar som ein fryktar utgjer ein spreifangsfare. Alliansen ønskjer velkomen innsats etter initiativet for spreigingstryggjeleik som er i samsvar med nasjonale lovverk og relevante internasjonale regelverk, mellom anna tryggingrådsresolusjonar. Vi oppmodar òg partnarane våre og andre land til å støtte og gjennomføre målsetjingane i initiativet for spreigingstryggjeleik.
16. Alliansen ønskjer velkomne dei stega Libya har teke gjort for å gjennomføre vedtaket sitt som vart kunngjort 19. desember 2003, om å avvike masseødeleggingsvåpenprogramma sine under internasjonal overvaking og å avgrense missila sine til ei rekkevidd på mindre enn 300 kilometer. Vi ser fram til vedvarande framgang. Samtidig oppmodar vi Libya til å respektere grunnleggjande menneskerettar.
17. Vi tek opp att forpliktinga vår til CFE-avtala som ein hjørnestein i europeisk tryggjeleik og stadfestar at vi går inn for ei snarleg iverksetjing av den tilpassa avtala. Vi minner om at oppfyljing av dei attståande Istanbul-forpliktingane med omsyn til republikken Georgia og republikken Moldova vil gjere det mogleg for allierte og andre statspartar for å gå vidare mot ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtala. Vi merkar oss framgangen som vart gjort i 2003 med omsyn til tilbaketrekking av russiske militære styrkar frå republikken Moldova. Vi seier oss lei for at denne framgangen ikkje har heldt fram i 2004, og at fullføringsdatoen, som vart utsett til 31. desember 2003 innanfor ramma av OSSE, ikkje vart oppfylt. Det er avgjerande at innsatsen for å fullføre tilbaketrekkinga så

- snart som råd vert intensivert. Vi vil halde fram, via OSSE, å overvake og hjelpe til med denne prosessen. Vi oppmodar sterkt til ei rask løysing på dei attståande spørsmåla mellom Georgia og Russland, som fastsett i felleserklæringa deira frå Istanbul av 17. november 1999, og for dette føremålet oppmodar vi partane til å ta opp att forhandlingane på eit høveleg høgt plan. Vi ønskjer velkomen tilnærminga frå ikkje-CFE-allierte som har uttrykt at dei aktar å be om tilmelding til den tilpassa CFE-avtala når ho trer i kraft. Tilmelding av desse allierte vil gje eit viktig tilskot til europeisk tryggleik og stabilitet.
18. Vi ønskjer velkomen framgangen som er gjort når det gjeld omdanninga av alliansens militære kapasitet. Dette er eit langsiktig arbeid som må halde fram dersom NATO skal kunne gjennomføre heile spekteret av oppdraga sine i ein utfordrande tryggingssituasjon og møte dei operative forpliktingane sine og dei trugsmåla vi står overfor i dag, mellom anna terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen. NATO må kunne mobilisere styrkar som kan flytte seg raskt for å gjere teneste langt borte og over lang tid.
19. Om realisering av måla vi sette oss på toppmøtet i Praha i november 2002:
- den fleirnasjonale NATO-bataljonen til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen har nettopp vorte fullt operativ,
 - som planlagt vil den operativt fleksible NATO-reaksjonsstyrken (NRF) få operativ grunnevene seinare i år,
 - gjennomføringa av NATOs straumlineforma kommandoordningar er i rute, mellom anna er den allierte kommandoen for omdanning oppretta,
 - gjennomføringa av nasjonale kapasitetstilsegner frå Praha (PCC) er i gang, og fleirnasjonale aktivitetar – innanfor strategisk sjø- og lufttransport, drivstoffylling i lufta og det allierte bakkeovervakingsystemet – gjer framleis framgang og vil styrkje den militære kapasiteten vår på mange område, og
 - vi vurderer ulike alternativ for å handtere det aukande missiltrugsmålet mot allierte territorium, styrkar og tettfolka område gjennom ein passande kombinasjon av politiske og forsvarsmessige tiltak kombinert med avskrekkingstiltak. Vi merkar oss at arbeidet med forstudien om missilforsvar, som vart vedteke i Praha for å vurdere ulike alternativ, har byrja, og vi vurderer framleis missiltrugsmåla.
20. For å kunne møte dagens utfordringar treng vi den rette kapasiteten. I somme tilfelle kan nasjonar frigjere ressursar frå nasjonale styrkestrukturar og/eller nasjonal kapasitet som ikkje lenger trengst, og investere dei i mobiliserbar kapasitet. Nasjonane må vere meir villige til å stille desse styrkane og denne kapasiteten til rådvelde. NATO treng å kunne handle raskt og er konfigurert til å gjere det. Samtidig er vi fastrådde på å styrkje den politiske avgjerdsprosessen vår ytterlegare gjennom inngåande samråd, som lettar felles målmedvit og viljefastleik, definering av klare strategiar og målsetjingar før ein operasjon vert sett i verk, og betre planlegging av støtte til tilskota frå nasjonane til operasjonane – og vi erkjenner at kvar av nasjonane har suveren rett til å avgjere korleis styrkane deira skal brukast.
21. For å betre evna vår til å gjennomføre operasjonar på ein vellukka måte og for å styrkje sambandet mellom politisk semje om å starte operasjonar og framskaffing av dei styrkane som krevst, har vi i dag
- ønskt velkomne forpliktingane som er gjorde av dei sju nye allierte innanfor ramma av kapasitetstilsegna frå Praha, og stadfesta støtta vår til tilsegna; vi ønskte velkomne samarbeidet mellom Praha-tilsegna og grupper som arbeider med den europeiske kapasitetshandlingsplanen; vi vil i dei nasjonale planane våre leggje særleg vekt på å overkome attståande kritiske manglar, å gjennomføre dei nasjonale forpliktingane våre, å ytterlegare fremje dei fleirnasjonale samarbeidsprosjekta som landa våre deltek i, og å gjere kapasiteten vår samverkande og å tilpasse han til den framveksande tryggingssituasjonen,
 - ønskt velkomen rapporten frå forsvarsministrane våre om ytterlegare steg for å gjere styrkane våre meir allsidige ved å vedta mål på høgt politisk plan i Istanbul og å supplere desse måla med individuelle nasjonale mål, og samdest om å intensivere innsatsen vår, samtidig som vi tek omsyn til nasjonale prioriteringar og forpliktingar, for å strukturere, førebu og utstyre landstyrkar til utplasseringsoperasjonar i regi av NATO eller andre,
 - ønskt velkomne endringar i planleggingsprosessane i alliansen, som gjer at dei kan stette gjeldande og framtidige operative krav betre. Vi har pålagt Det faste rådet å

utarbeide til vår vurdering ei omfattande politisk rettleiing til støtte for strategikonseptet for alle alliansens kapasitetsspørsmål, planleggingsdisiplinar og etterretning, som tek omsyn til kva alliansen treng, til dømes styrkar som er samverkande og mobiliserbare, og som kan utføre både større og mindre operasjonar, samtidig om det krevst, og operere i fellesskap i ein samansett tryggingssituasjon. Grensesnittet mellom dei respektive allianseplanleggingsdisiplinane, mellom anna operativ planlegging, bør analyserast meir,

- ønskt velkomen framgangen i arbeidet med å betre styrkeoppbyggingsprosessen for NATO-avtala operasjonar og NATO-reaksjonsstyrken, mellom anna ved å gå i retning av ei meir langsiktig og meir omfattande og meir framsynt tilnærming, og ved å leggje til rette for avgjerder som på kvart stadium står i høve til den naudsynte militære kapasiteten, og
 - gjeve pålegg om at arbeid med regionalt forsvar mot ballistiske missilar raskt vert ført vidare. I denne samanhengen merka vi oss godkjenninga av prinsippet om oppretting av eit NATO-program for aktivt lagdelt regionalt ballistisk missilforsvar; ønskte velkomen at nasjonane var villige til å stille den tre-nasjonale innsatsstyrken for utvida luftforsvar til rådvelde for alliansen, og merka oss arbeidet som militærstyremaktene i NATO gjer i samband med forsvaret av utplasserte NATO-styrkar, mellom anna NATO-reaksjonsstyrken, mot regionale ballistiske missil.
22. Med dei vedtaka som er gjorde her i Istanbul, og dei ytterlegare forbetringane som vi har sett i verk, og som vi har pålagt Det faste rådet å arbeide vidare med, sikrar vi at den allierte kapasiteten vil vere moderne, effektiv, fleksibel og fullt ut tenleg for dei utfordringane vi står overfor no og kan stå overfor i framtida.
23. Vi har oppmoda Generalsekretæren og Det faste rådet til å gjere det som trengst for å sikre at omdanningsprosessen, mellom anna når det gjeld spørsmål om leiing og finansiering, vert gjennomført fullt ut. Vi ser fram til resultatet av gjennomgangen av NATO-organ, som bør gje eit godt grunnlag for støtteaktiviteten i neste tiår. Vi oppmuntrar Generalsekretæren til å føre vidare det nye NATO-hovudkvarterprosjektet på ein rettidig og effektiv måte.
24. Rustingsaktivitetane i NATO må følgje utviklinga i alliansens militære trong. Vi stadfestar

difor den vekta vi legg på det gjensidig gagnlege transatlantiske samarbeidet i forsvarsindustrien.

25. Vi feirar NATOs vellukka open dør-politikk og stadfestar i dag at dei sju nye medlemene våre ikkje vil verte dei siste. Døra til medlemskap er framleis open. Vi ønskjer velkomen framgangen som Albania, Kroatia og den tidlegare Jugoslaviske republikken Makedonia har gjort når det gjeld gjennomføringa av dei nasjonale årssplanane i handlingsplanen for medlemskap, og oppmuntrar dei til å halde fram arbeidet med reformene som krevst på vegen til NATO-medlemskap. Vidare rosar vi dei for det dei har gjort for å skape stabilitet og samarbeid i regionen. Vi ønskjer at alle tre landa skal lukkast, og vil halde fram med å hjelpe dei i arbeidet med reformene. NATO vil framleis vurdere kvart lands kandidatur for seg, på grunnlag av framgangen som er gjort i arbeidet med å nå reformmåla i handlingsplanen for medlemskap, som vil vere kriteriet når medlemskap for kvart kandidatland skal vurderast. Vi gjev utanriksministrane i NATO pålegg om å følgje kontinuerlig med i utvidingsprosessen, medrekna gjennomføringa av handlingsplanen for medlemskap, og rapportere til oss. På grunnlag av denne rapporten vil vi på neste toppmøte gå gjennom framgangen som kandidatlanda har gjort på vegen mot medlemskap.
26. Utvidingane av NATO og Den europeiske unionen nyleg er eit stort steg på vegen mot eit heilt og fritt Europa og ei sterk stadfesting på at organisasjonane våre deler felles verdiar og strategiske interesser. Vi er nøgde med framgangen som er gjort for å utvikle den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU på grunnlag av og etter inngåinga av Berlin Plussordningane. NATO og EU samarbeider framleis effektivt på Vest-Balkan og er forplikta til å hjelpe landa i regionen med ytterlegare integrering i euroatlantiske strukturar. Tilhøvet mellom NATO og EU omfattar no ei lang rekke saker av felles interesse om tryggleik, forsvar og krisehandtering, mellom anna kampen mot terrorisme, utvikling av samkøyrd og gjensidig forsterkande militær kapasitet og sivil vernebuingsplanlegging. Vi er fastrådde på å arbeide saman for å utvikle vidare den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU slik dei to organisasjonane våre har samst om, på ein måte som sikrar gjensidig innsyn og respekt for NATO og EU som uavhengige organisasjonar.
27. Vi byggjer vidare på framgangen som er gjort

- sidan Praha-toppmøtet, og har i dag teke ei rekkje steg for å styrkje den euroatlantiske partnerskapen ytterlegare. Samtidig som vi tek desse stega, ventar vi at alle partnarane vil oppfylle forpliktingane sine til vern og fremjing av menneskerettane og dei andre grunnleggjande fridomane og verdiane dei har halde fast ved under Det euroatlantiske partnerskapsrådet og Partnerskap for fred. Vi støttar sjølvstendet, suvereniteten og den territorielle integriteten til alle statar i det euroatlantiske området.
28. Vi har i dag lagt fram ein partnerskapshandlingsplan for bygging av forsvarsinstitusjonar. Vi oppmuntrar partnarane til å nytte seg fullt ut av dette nye instrumentet til å byggje demokratisk ansvarlege forsvarsinstitusjonar og støttar dei i dette arbeidet.
29. Militær samvirkeevne og omdanning er viktige for effektiviteten til partnerskapa våre når det gjeld å hjelpe oss å møte framveksande trygging utfordringar og å setje allierte styrkar og partnarstyrkar i stand til å operere effektivt i NATO-leidde operasjonar. Verdien av dette samarbeidet for alliansen, særleg samarbeidet mellom dei vesteuropeiske partnarane, visest kontinuerleg på Balkan og i Afghanistan. Vi aktar difor å gje partnarane våre betre høve til å styrkje bidraget sitt til NATO-leidde operasjonar og å hjelpe dei med å omdanne forsvaret sitt i tråd med NATOs framveksande operative roller og kapasitet, mellom anna ved styrking av konseptet for operativ kapasitet. Vi vil søkje tidlegast mogleg involvering av troppebidragsytande nasjonar i den avgjerdsformande prosessen, medrekna høve til politisk samråd. NATOs nye kommandostruktur tillèt partnarane å utvide deltakinga, mellom anna ved å tilby dei høveleg representasjon i den allierte kommandoen for omdanning.
30. NATO har vedteke ein omfattande politikk for å yte sitt til den internasjonale kampen mot menneskehandel, som er eit grovt brot på menneskerettane og avlar korrupsjon og organisert kriminalitet. Vi er òg fastrådde på å arbeide saman med partnarane våre om å støtte den internasjonale innsatsen, der NATO kan tilføre verdi, for å nedkjempe denne og andre former for ulovleg handel.
31. For å styrkje den euroatlantiske partnerskapen vil vi setje eit spesielt fokus på samarbeid med partnarane våre i dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia. For det føremålet har NATO vedteke betre sambandsordningar og har mellom anna oppnemnd to sambandsmenn og ein spesialrepresentant for dei to regionane frå den internasjonale staben. Vi ønskjer velkomen vedtaket til Georgia, Aserbajdsjan og Usbekistan om å utarbeide individuelle handlingsplanar for partnarland saman med NATO. Dette er eit monaleg steg i desse landa sin innsats for å utvikle nærare partnerskapstilhøve til alliansen. Vi ønskjer velkomen at den nye regjeringa i Georgia har forplikta seg til reformer.
32. Vi er framleis forplikta til partnerskap med republikken Moldova og oppmuntrar landet til å nytte seg av partnerskapsinstrumenta til å gjennomføre ønsket sitt om å fremje stabilitet i regionen som partnar i alliansen.
33. Vi ser fram til å ønskje Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro velkomne til Partnerskap for fred (PfP) når dei har oppfylt dei fastsette NATO-vilkåra. Vi ønskjer at dei skal lukkast i å slutte seg til den euroatlantiske partnerskapen, og vil hjelpe dei med dette. Vi er budde på å hjelpe desse landa ved å ta dei med i utvalde PfP-aktivitetar. Kvart land vil verte vurdert på individuelt grunnlag på vegen til PfP.
34. Vi ønskjer velkomen den gode framgangen som Bosnia-Hercegovina har gjort med forsvarsreformer, som er eit viktig vilkår for PfP-medlemskap. Vi oppmodar framleis sterkt til framgang i arbeidet med å få til ein samla militær styrke. Vi har samst om å peike ut ein kontaktpunktambassade i Sarajevo for å betre forståinga av NATO. Vi er urolege over at Bosnia-Hercegovina, særleg obstruksjonistiske element i eininga Republika Srpska, ikkje har levd opp til forpliktinga si om å samarbeide fullt ut med ICTY, mellom anna når det gjeld arrestasjon og overføring til domstolens varetekt av personar som er tiltala for krigsbrotsverk, som er eit grunnleggjande krav for at landet skal kunne slutte seg til PfP. Vi ser òg etter systemiske endringar som krevst for å utvikle effektive trygging- og lovhandhevingssstrukturar.
35. Serbia og Montenegro har òg vist framgang i arbeidet med forsvarsreformer, og regjeringa har spela ei konstruktiv rolle i regionen og be- tra tilhøvet til grannane sine. Vi ser fram til ytterlegare framgang på desse områda, særleg når det gjeld regjeringas engasjement i Kosovo-skyldde spørsmål. Samtidig står sakene ved Den internasjonale domstolen mot fleire av dei allierte framleis ved lag. Vi oppmodar regjeringa om å oppfylle dei internasjonale forpliktingane sine, særleg å samarbeide med ICTY og gje all naudsynt hjelp for å sikre arrestasjon

- og overføring til domstolens varetakt av personar som er tiltala for krigsbrotsverk.
36. Frå han byrja i 1994 har NATOs Middelhavsdiallog medverka mykje til å byggje tillit og samarbeid mellom Alliansen og middelhavspartnarane til Alliansen. I noverande tryggingssituasjon er det betre høve til effektivt samarbeid med partnarane i Middelhavsdiallogen. Etter vedtaket vårt i Praha om å oppgradere middelhavsdiallogen inviterer vi i dag Middelhavspartnarane våre til å opprette ein meir ambisiøs og utvida partnarskap, rettleidd av prinsippet om felles eigarskap samtidig som det vert teke omsyn til deira særlege interesser og særleg trong. Det overordna målet med denne partnarskapen vil vere å medverke til tryggleik og stabilitet i regionen ved hjelp av eit sterkare praktisk samarbeid, mellom anna ved å styrkje den eksisterande politiske diallogen, å oppnå samvirkeevne, å utarbeide forsvarsreformer og å medverke til kampen mot terrorisme. Innsatsen vår vil utfylle og gjensidig forsterke andre middelhavsinitiativ, medrekna middelhavsinitiativa til EU og OSSE.
37. Vidare har vi i dag vedteke å tilby den utvida midtaustregionen samarbeid ved å leggje fram «Istanbulinitiativet» vårt. Dette initiativet vert tilbydd av NATO til interesserte land i regionen og startar med landa i Golsamarbeidsrådet; det skal fremje gjensidig gagnlege tosidige tilhøve og på denne måten styrkje tryggleiken og stabiliteten. Initiativet fokuserer på praktisk samarbeid der NATO kan tilføre verdi, særleg på områda forsvar og tryggleik. Dette initiativet skil seg frå, men tek likevel omsyn til og utfyller, andre initiativ med andre internasjonale aktørar.
38. Samtidig som den utvida Middelhavsdiallogen og «Istanbulinitiativet» respekterer spesifisiteten til Middelhavsdiallogen, utfyller dei kvarandre og er progressive og individualiserte prosessar. Dei vil verte utvikla i ei ånd av felles eigarskap med dei landa det gjeld. Framleis samråd og aktivt engasjement vil vere avgjerande for om dei lukkast.
39. Sidan det vart oppretta for to år sidan har NATO-Russland-rådet heva kvaliteten på tilhøvet mellom alliansen og Russland til ei nytt nivå, og dette gagnar heile det euroatlantiske området. Vi stadfestar at vi er fastrådde på å utvide den politiske diallogen vår og er forplikta til å utdjupe samråda våre om viktige tryggingsspørsmål, mellom anna Afghanistan og Balkan og kampen mot terrorisme og mot spreining av masseødeleggingsvåpen og utskytningssmid-
del for desse. Det praktiske samarbeidet vårt, mellom anna når det gjeld fagmilitære prosjekt, går framover. Gjennom innsatsen vår for å betre samvirkeevna har vi òg lagt grunnlaget for framtidig operativ støtte til NATO-styrkar, mellom anna til moglege felles fredstryggjande operasjonar. Vi ønskjer velkomen framgangen som er gjort i det praktiske samarbeidet om regionalt rakettforsvar, sivil vernebuingsplanlegging, det kooperative luftromsinitiativet og leite- og redningsaksjonar til sjøs. Vi ser fram til å gjere ytterlegare framgang når det gjeld gjennomføringa av Roma-erklæringa av mai 2002 og samarbeider som likeverdige partnarar på område av felles interesse.
40. Vi ønskjer velkomen at Ukraina er fastrådde på å arbeide for full euroatlantisk integrering. I denne samanhengen stadfestar vi kravet om konsekvent og målbar framgang når det gjeld demokratiske reformer. Vi oppmuntrar Ukraina til å skunde på gjennomføringa av målsetjingane som er skisserte i NATO-Ukraina-handlingsplanen, særleg om gjennomføring av frie val, garantering av mediafridom og gjennomføring av resultata av forsvarsgjennomgangen. Vi er fastrådde på å støtte Ukraina i denne innsatsen; men ei ytterlegare styrking av tilhøvet vårt vil krevje sterkare prov på Ukrainas forplikting til omfattande reformer, særleg med tanke på gjennomføringa av presidentvalet til hausten. Vi ønskjer velkomen at Ukraina framleis vil delta i KFOR som ein del av den polsk-ukrainske bataljonen. Vi merkar oss framgangen som Ukraina har gjort med omsyn til forsvarsreformer og med omsyn til styrking av forsvars- og militærsamarbeid med NATO, mellom anna på området vertslandsstøtte og strategisk lufttransport. Med denne forståinga pålegg vi Det faste rådet å vurdere tilhøvet mellom NATO og Ukraina med sikte på å leggje fram tilrådingar for utanriksministrane etter presidentvalet.
41. Vi merkar oss verdien som svartehavsregionen har for euroatlantisk tryggleik. Kyststatar, allierte og partnarar samarbeider for å styrkje tryggleiken og stabiliteten i området ytterlegare. Alliansen vår er budd på å utforske måtar å utfylle denne innsatsen på, ved å byggje på eksisterande former for regionalt samarbeid.
42. Vi ønskjer velkomen interessa frå fleire land som er i ferd med å utvikle individuelle og gjensidig gagnlege dialogar om tryggingsspørsmål med NATO som kontaktland. I denne samanhengen ønskjer vi velkomen interessa som Au-

- stralia har vist for nærare samarbeid med alliansen vår.
43. NATO og OSSE har stort sett gjensidig utfyllende ansvarsområde og felles interesser, både funksjonelt og geografisk. NATO vil halde fram med å utvikle vidare samarbeidet med OSSE på område som konfliktførebygging, krisehandtering og atterreising etter konflikt.
44. Vi ønskjer velkomen rolla som parlamentarikarforsamlinga i NATO spelar når det gjeld å utfylle NATOs innsats for å fremje stabilitet i heile Europa. Vidare set vi pris på bidraget frå Atlanterhavskomiteen når det gjeld å fremje betre forståing av alliansen og målsetjingane til alliansen hjå ålmentene våre.
45. Dagens samansette strategiske situasjon består av både politiske, økonomiske og militære element og krev difor ei brei tilnærming til tryggleik. Vi står samla om forpliktinga vår til ei slik tilnærming. Alliansen gjennomfører utfordrande operasjonar i strategisk viktige regionar, omdannar kapasiteten sin til å møte dei nye trugsmåla og samarbeider stadig nærare med partnerland og andre internasjonale organisasjonar i ein verkeleg fleirsidig innsats for å ta tak i felles tryggingsspørsmål. Medan omdanninga av NATO held fram, står det grunnleggjande føremålet med NATO – grunna på fellesverdiane demokrati, menneskerettar og rettstryggleik – ved lag: å tene som eit viktig transatlantisk forum for samråd og eit effektivt instrument for Europa og Nord-Amerika til å forsvare fred og stabilitet, no og i framtida.
46. Vi er djupt takksame for den vennlege mottakinga vi har fått av regjeringa i Tyrkia og byen Istanbul. Her i Istanbul, ein by som bind saman to kontinent, har vi stadfesta det viktige transatlantiske sambandet og lagt fram nye tilbod om samarbeid til strategisk viktige land og regionar.
-

Vedlegg 5**Erklæring om Irak fremlagd av stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i Istanbul 28. juni 2004**

Vi, dei 26 stats- og regjeringssjefane i nasjonane i Atlanterhavsalliansen, som møtest i Istanbul, erklærer vår fulle støtte til sjølvstendet, suvereniteten, einskapen og den territoriale integriteten til republikken Irak og til styrking av friedom, demokrati, menneskerettar, rettstryggleik og tryggleik for heile det irakiske folket.

Vi ønskjer velkomen den samrøystes vedtakinga av tryggingrådsresolusjon 1546 med heimel i kapittel VII i FN-pakta som eit viktig steg på vegen mot Iraks politiske overgang til demokratisk styre. Vi lovar full støtte til ei effektiv gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1546.

Vi står samla om å støtte det irakiske folket og tilbyr den nye suverene interimregjeringa fullt samarbeid når ho søker å styrkje den indre tryggleiken og bane veg for val på nasjonalforsamling i 2005.

Vi fordømmer og oppmodar til stans med ein gong av alle terroråtak i Irak. Terroraktivitetar i og frå Irak trugar òg tryggleiken til grannelanda og heile regionen.

Vi støttar framleis Polen i landet si leiing av den fleirnasjonale divisjonen i det sørlege Midt-Irak. Vi erkjenner òg innsatsen til nasjonane, mellom andre mange NATO-allierte, i den fleirnasjonale styr-

ken for Irak, som er til stades i Irak på oppmoding frå den irakiske regjeringa og i samsvar med tryggingrådsresolusjon 1546. Vi støttar den fleirnasjonale styrken fullt ut i oppdraget med å hjelpe til med å skape og sikre tryggleik, mellom anna ved vern av FN-nærværet, i samsvar med mandatet som styrken har frå Tryggingrådet.

Som svar på oppmodinga frå den irakiske interimregjeringa og i samsvar med resolusjon 1546, som oppmodar internasjonale og regionale organisasjonar til å gje tilskot til den fleirnasjonale styrken, har vi i dag vedteke å tilby regjeringa i Irak hjelp frå NATO med opplæring av tryggingssstyrkane. Vi oppmuntrar difor òg nasjonane til å gje tilskot til opplæringa av dei irakiske væpna styrkane.

Vi har bede Det nordatlantiske rådet om raskt å utarbeide dei nærare vilkåra for gjennomføringa av dette vedtaket saman med den irakiske interimregjeringa.

Vi har òg bede Det nordatlantiske rådet om raskt og på grunnlag av ein rapport frå Generalsekretæren å vurdere ytterlegare framlegg om å støtte dei nyoppretta irakiske tryggingsinstitusjonar som svar på oppmodinga frå den irakiske interimregjeringa og i samsvar med tryggingrådsresolusjon 1546.

Vedlegg 6**Istanbul-erklæringa «Trygggleiken vår i ein ny epoke»
framlagd av stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i
Istanbul 28. juni 2004**

Vi, stats- og regjeringssjefane i medlemslanda i Atlanterhavsalliansen, møtest i dag i Istanbul for å fornye forpliktinga vår til kollektivt forsvar og for saman å drøfte NATOs svar på trygging utfordringane vi står overfor på byrjinga av 2000-talet.

NATO lekamleggjer den viktige partnerskapen mellom Europa og Nord-Amerika. Alliansen vår er grunna på prinsippa om demokrati, fridom for enkeltmennesket og rettstrygggleik. Desse verdiane, rotfesta i prinsippa i FN-pakta og Washington-traktaten, ligg til grunn for den unike arten av det transatlantiske sambandet.

Vi feirar NATOs kritiske rolle når det gjeld å fremje spreining av fridom i heile Europa. I dag ønskjer vi sju nye medlemmer velkomne. Deltakinga deira på dette toppmøtet viser at vi framleis er forplikta til eit heilt, fritt og fredeleg Europa. Vi lovar på nytt at alliansen vår framleis er open for alle europeiske demokrati, utan omsyn til geografi, som er villige og i stand til å ta på seg ansvaret som følgjer med medlemskapen, dersom tilmeldinga vil betre den allmenne trygggleiken og stabiliteten i Europa.

Kollektivt forsvar er framleis det viktigaste føremålet for alliansen. Men trugsmåla som NATO står overfor, har endra seg vesentleg. Vi er framleis forplikta til å energisk ta tak i trugsmåla som alliansen vår står overfor, samtidig som vi tek omsyn til at dei kjem frå eit langt større område enn tidlegare. Dei omfattar terrorisme og spreining av masseødeleggingsvåpen. Nord-Amerika og Europa står saman overfor desse trugsmåla. NATO kjempar mot terrorisme, styrkjer trygggleik og bygger stabilitet i mange regionar i verda. No, som alltid, er einskap innanfor alliansen viktig, og prinsippet om at den allierte trygggleiken er udeleleg, er grunnleggjande. Vi er fastrådde på å effektivt ta tak i trugsmåla mot territoriet vårt, styrkane våre og folka våre, same kvar dei kjem frå.

Alliansen tilpassar seg for å kunne møte desse trygging utfordringane gjennom militære operasjonar og aktivitetar, samarbeid med partnarane og vidare omdanning av den militære kapasiteten.

I dag har vi godkjent ei større utviding av NATOs rolle i Afghanistan til støtte for dei afghanske styremaktene. Vi vil forplikte dei ressursane som trengst for at dette oppdraget skal bli vellykka.

NATO leier òg militære operasjonar på Balkan og i Middelhavet og støttar Polens leining av den fleirnasjonale divisjonen i Irak. Vi har òg gjeve ei eiga erklæring om Irak.

Vedtaket om å avslutte NATOs ni år lange oppdrag i Bosnia-Hercegovina markerer at ein med oppdraget har lukkast med å gjere slutt på krigen og å tryggje freden i landet. Vi ønskjer velkome vedtaket som Den europeiske unionen har gjort om å setje i verk ein ny operasjon i Bosnia-Hercegovina, og ser fram til vidare samarbeid.

NATO held fram med å byggje nærare samarbeid om felles tryggingsspørsmål med Den europeiske unionen og med statar i Europa, mellom andre Russland, Ukraina og statane i Sentral-Asia og Kaukasus, og med statar i middelhavsområdet og det utvida Midtausten. I dag har vi gjort vedtak som tek sikte på å styrkje desse tilhøva ytterlegare for at vi skal kunne samarbeide effektivt om utfordringane på 2000-talet.

NATO er i ferd med å omdanne den militære kapasiteten sin for å tilpasse seg ein strategisk situasjon i endring. Den nye kommandostrukturen, NATO-reaksjonsstyrken og NATO-bataljonen til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen er i framgang. Saman gjev dei NATO mykje sterkare og raskare militær kapasitet. Men omdanning er ein prosess, ikkje ei hending. Vi er difor forplikta til vidare omdanning og til å styrkje NATOs operative kapasitet og framgangsmåtar ytterlegare slik at styrkane våre vert meir utplasserbare og nyttige. For dette føremålet oppmodar vi Generalsekretæren og Det faste nordatlantiske rådet til å gjere det som krevst for å sikre at omdanningsprosessen vert gjennomført fullt ut, og å rapportere til oss på neste NATO-toppmøte.

Atlanterhavsalliansen har konfrontert utford-

ringar og endringar i heile historia si, men har likevel alltid vist seg sterk i tilpassinga til nye situasjonar. Når vi no står overfor ein ny epoke med farar og voner, er NATO framleis vår vitale multilaterale bru over Atlanterhavet, som utfyller ei felles

politisk tilnærming med sin militære kapasitet. Vi fornyar forpliktinga vår til å samrå, drøfte og handle saman som allierte. Vi er trygge på at NATO framleis vil vere det uunnverlege instrumentet til å forsvare fridomen og tryggleiken vår.

Vedlegg 7**Erklæring om terrorisme framlagd på utanriksministermøtet i
Det nordatlantiske rådet i Brussel 2. april 2004**

Dei grufulle handlingane som vart gjorde i Madrid i førre månad, har endå ein gong vist det akutte trugsmålet som terrorisme utgjør for uskuldige menneske i heile verda. Vi uttrykkjer vår djupe medkjensle med familiane til dei som vart drepne i åtakinget i Madrid, med dei som vart skadde, og med heile det spanske folket. Slik regjeringane våre fordømde terroråtakinget på USA i 2001, og terroråtakinget i Istanbul i 2003, fordømmer vi òg desse og andre grufulle terrorhandlingar, medrekna dei som vart gjorde i Irak og Usbekistan nyleg.

Vi avviser kategorisk terrorisme, utan omsyn til motivasjon, form eller uttrykksmåte. Vi er fast-rådde på å kjempe saman, så lenge det krevst, mot dette vondet, som utfordrar verdiane som sameiner oss, særleg fridom grunna på prinsippa demokrati, fridom for enkeltmennesket og rettstryggleik. Alliansen gjev ein avgjerande transatlantisk dimensjon til reaksjonen på terrorisme, som krev at Nord-Amerika og Europa samarbeider så nært som det er råd. Tilnærminga vår til terrorisme og årsakene til terrorisme omfattar full gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1373 om kampen mot terrorisme og vil framleis ta mange former og vere omfattande, med mellom anna politiske, diplomatiske, økonomiske og, om det krevst, militære middel.

Forsvaret mot terrorisme kan omfatte aktivitetar ved NATOs militære styrkar, grunna på vedtak i Det nordatlantiske rådet, for å førebyggje, stanse og forsvare og verne mot terroråtak, eller trugsmål om åtak, styrt frå utlandet, mot folket, territoriet, infrastrukturen og styrkane til ein medlemsstat, mellom anna ved å gjere tiltak mot desse terroristane og dei som husar dei. Alle operasjonar som vert gjennomførte til forsvar mot terrorisme, vil ha eit forsvarleg rettsleg grunnlag og vere fullt ut i samsvar med dei relevante føresegnene i FN-pakta og alle relevante internasjonale normer og standardar.

Operasjon Active Endeavour, som nyleg vart utvida til å omfatte heile Middelhavet, viser på ein praktisk måte korleis alliansen kan ta i bruk sin sakkunnskap og kapasitet i kampen mot terroris-

me. Alliansen har gjeve eit stort tilskot til internasjonal tryggleik og stabilitet, mellom anna gjennom operasjonane på Balkan og i Afghanistan, som medverkar til å skape tilhøve som ikkje gjev grobotn for terrorisme.

I kampen som det internasjonale samfunnet fører mot terrorisme, kan og bør det gjerast meir. Vi gjev difor pålegg om at det til toppmøtet i Istanbul i juni vert utarbeidd eit betre sett med tiltak, som byggjer på dei tiltaka som stats- og regjeringssjefane i alliansen vart samde om i Praha i november 2002. Desse tiltaka bør omfatte

- betre deling av etterretningsinformasjon mellom allierte, mellom anna gjennom den nyleg oppretta etterretningseininga mot terroristtrugsmål, som bør vere fullt operativ før Istanbul-toppmøtet; vi må òg intensivere utveksling av informasjon og etterretning med andre internasjonale organisasjonar og med partnaranne,
- styrkt reaksjon på nasjonale oppmodingar om NATO-støtte (til dømes gjennom Det euroatlantiske samordningssenteret for katastrofehjelp og bruk av NATOs kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske forsvarsmiddel) for å hjelpe til med å verne mot og etter ei terrorhending,
- å gje NATO-hjelp med tryggleik til utvalde større arrangement, til dømes Euro 2004 i Portugal og olympiaden i Aten,
- å utvikle vidare tilskotet frå operasjon Active Endeavour til kampen mot terrorisme og å undersøkje moglege metodar for støtte mellom operasjon Active Endeavour og initiativet for spreingstryggleik,
- å støtte opp om allierte si fastrådde vilje til framleis å ta tak i trugsmålet om bruk av sivile luftfartøy til terrorføremål,
- å styrkje kapasiteten til forsvar mot terroråtak.

Vi pålegg òg Det faste rådet å betre samarbeidet vårt med:

- NATO-partnarane og deltakarlanda i Middelhavsdialogen, ved gjennomføring av partner-

skapshandlingsplanen mot terrorisme og øvingar og opplæring,

- Russland innanfor ramma av NATO-Russland-rådet, ved å byggje på konferansen som skal haldast i Norfolk 5. april, særleg ved hjelp av ytterlegare øvingar,
- Dei sameinte nasjonane, OSSE og andre internasjonale organisasjonar. Det samordna mangearta svaret frå det internasjonale samfunnet er særleg viktig,
- Den europeiske unionen. Vi vil aktivt vidareføre samråda og utvekslinga av informasjon om terrorisme og spreing av masseødeleggings-

våpen, særleg når det gjeld følgjehandtering og det føreslegne samstøtta seminaret om terrorisme, med EU etter møtet vi hadde med utanriksministrane i EU 4. desember 2003. Vi ønskjer velkomen erklæringa frå Det europeiske rådet om nedkjemping av terrorisme av 25. mars 2004.

Vi ser fram til toppmøtet i Istanbul som eit høve for alliansen til på høgaste nivå å fornye forpliktinga si til kampen mot terrorisme. I mellomtida vil dei elementa i den nye pakken som er ferdig før toppmøtet, raskt kome på plass.

Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Statens forvaltningstjeneste
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no.
E-post: publikasjonsbestilling@ft.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Andre kan tinge frå:
Akademika AS
Avdeling for offentlige publikasjoner
Postboks 8134 Dep
0033 OSLO
Telefon: 22 11 67 70
Telefaks: 22 42 05 51
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
<http://odin.dep.no/>

Omslagsbilde: Forsvarets Mediesenter.
Foto: Torgeir Haugaard.

Trykk: GCS Allkopi, Oslo 04/2005

